

Fakultet for helse og sosialvitenskap

**Miljøterapeutars erfaringar med vald og truslar**

Korleis kan ein forstå miljøterapeutanes erfaringar med vald og truslar om vald på barnevernsinstitusjon, og korleis kan relasjonsarbeidet forståast?

**Social workers experiences with violence and aggressive behavior.**

How can we understand the social workers experiences with violence and aggressive behavior, as well as the relational work afterward?

Marthe Tefre

2020

Masteroppgåve i Psykososialt arbeid med barn og unge

## **Forord**

Det er viktig for meg å få fram at ungdomar på barnevernsinstitusjon er ulike som alle andre. Dette studiet har fokus på vald og truslar i barnevernet, men er det er på ingen måte eit forsøk på å stigmatisere eller kategoriserer alle ungdomar i barnevernet som valdelige og truande. Det er absolutt ikkje alle ungdomar på barnevernsinstitusjonar som er valdelege eller truar med vald. Studiet seier heller ingenting om frekvensen av vald eller kor mange ungdomar som viser slik åtferd. Eg vil rette ein takk til alle barn og ungdomar eg har møtt i mine år som miljøterapeut. Det har gitt meg nye perspektiv på livet, eg har lært mykje om meg sjølv, relasjonar og kommunikasjon.

Eg vil gje ein stor takk til miljøterapeutane som har stilt opp som informantar. Utan dykk hadde ikkje dette blitt noko av.

Takk til kollegaer, venar og medstudentar for gode samtalar og faglege refleksjonar, samt kaffibesøk og lufteturar.

Sist, men ikkje minst, vil eg takke Anne Sigfrid Grønseth for konstruktiv og god rettleiing igjennom heile prosessen. Det har vore trygt å ha deg som rettleiar, både for drøftingar, akademiske tips og hjelp til vegen vidare dei gangane eg har stått fast.

Marthe Tefre  
Bergen, 2020.

## Samandrag

Statistisk sett er tilsette i helse- og omsorgssektoren dei som er mest utsatt for vald på arbeid. Etter fleire års erfaring i barnevernet har eg sjølv opplevd, vore vitne til og høyrd andre miljøterapeutar stå i valdshendingar og truslar om vald både, i enkelt episodar og over tid. Dette har fått meg til å undre meg over korleis det eigentleg påverkar miljøterapeutar å stå i dette og korleis det påverka relasjonsarbeidet.

Studiet blir belyst igjennom problemstillinga «Korleis kan ein forstå miljøterapeutanes erfaringar med vald og truslar om vald på barnevernsinstitusjonar, og korleis kan relasjonsarbeidet forståast?»

I studiet er det brukt kvalitativ metode med utgangspunkt i individuelle intervju, ved bruk av den vanligaste metoden for gjennomføring som er ansikt- til- ansikt, der det er eit fysisk møte mellom forskar og informant. Det er intervjuar ni miljøterapeutar som jobbar på barnevernsinstitusjon hos ulike arbeidsgivarar.

Funn i oppgåva viser at åtte av ni informantar fortel at dei synes det er verre å vente på at det skal skje ein episode med vald og truslar, enn å faktisk stå i situasjonar med vald og truslar. Det viser seg òg at informantane synes det er verre å bli spytt på enn å bli slått. I situasjonar der det har vore fare for miljøterapeutens liv og helse har det vore så øydeleggande for relasjonen og miljøterapeuten at det er blitt relasjonsbrot ved at miljøterapeuten har bytta institusjon. Noko av det informantane trekker fram som spesielt viktig for å holde ut i jobben er at dei blir anerkjent og støtta av kollegar og leiarar. Informantane fortel at periodar eller episodar med vald og truslar kan gå utover motivasjon, søvn og gje ein følelse av maktesløshet. For relasjonsarbeidet er det avgjerande at miljøterapeutane og ungdomane får snakka saman når det oppstår hendingar med vald og truslar. I forhold til relasjonsarbeidet fortel dei fleste miljøterapeutar at dei har erfaringar med at relasjonane kan bli sterkare etter valdshendingar og truslar om vald.

At miljøterapeutane synes det er verre å gå i påvente på ein situasjon versus å vere i situasjonen har med kontroll og handtering å gjere. I situasjonar kan miljøterapeutane handle og løyse situasjonen, i forhold til å gå å vente på noko ein ikkje veit kva er. Situasjonane kan òg vere fort overstått, i forskjell til ventetida som kan gå over lang tid. I ventetida har ikkje

miljøterapeutane kontroll på kva som skjer eller eventuelt når det skjer, dermed har miljøterapeutane ikkje same opplevelse av kontroll og makt. Når hendingane blir så alvorlege at det har vore fare for liv og helse har frykta tatt overhand, og dermed har ikkje dei det gjeld av miljøterapeutane klart å gå tilbake i arbeid med ungdomen som utførte handlingane. Miljøterapeutane kjenner på maktesløshet når dei ikkje klarer å hjelpe ungdomane, og heller ikkje klarer å utføre arbeidsoppgåvene dei har som miljøterapeutar. Å få støtte frå kollegaer og ha debreif etter hendingar har positiv effekt i forhold til få avslutte hendingar og tankane rundt det som har skjedd. Debreif kan òg bidra til at miljøterapeuten og personalgruppa er betre forberedt seinare og kan komme i forkjøpet av situasjonane, og gjerne unngå at det blir ein episode med vald og truslar. I forhold til at miljøterapeutane synes å bli spytta på er verre enn å bli slått, kan ein forstå med at krenkelse er ein verre følelse å kjenne på enn avmakt og eventuell smerte. At valdshendingane kan styrke relasjonen handlar om at miljøterapeutane viser til ungdomane at dei står i situasjonane og er der for dei, noko som vedlikeheld relasjonen. Ungdomane har ulike erfaringar frå barndomen i forhold med tanke på tilknytning og relasjonskompetanse, og dei kan prøve å gjenskape uheldige relasjonar frå barndomen. Det er viktig at miljøterapeutane lære ungdomane nye arbeidsmodellar på korleis dei skal handtere og gjenkjenne eigne følelsar. Dette kan bidra til at ungdomane får nye og betre strategiar til å handtere følelsane sine, i staden for å ty til vald og truslar.

# Innholdsfortegnelse

<b>Kapittel 1. Innleiing</b> .....	<b>1</b>
1.1 Sentrale omgrep .....	2
1.1.1 Vald .....	3
1.1.2 Truslar .....	3
1.1.3 Debrief .....	4
1.2 Kva er ein barnevernsinstitusjon? .....	4
1.3 Arbeidets oppbygging .....	5
<b>Kapittel 2. Bakgrunnsdel og relevant forskning</b> .....	<b>6</b>
2.1 Eige ståsted i forskinga .....	6
2.2 Eksisterande forskning .....	7
2.2.1 Vald og påverknad .....	9
<b>Kapittel 3. Teoretisk bakgrunn for forskingsprosjektet</b> .....	<b>9</b>
3.1 Maktaspektet .....	10
3.1.1 Pastorale maktformer .....	10
3.1.2 Disiplinære maktformer .....	11
3.1.3 Moderne maktutøvelse .....	11
3.1.4 Maktomgrepet i terapeutisk samanheng .....	12
3.2 Relasjonskompetanse .....	15
3.2.1 Terapeutisk allianse .....	17
3.3 Emosjonell prosessering og kognitiv teori .....	19
<b>Kapittel 4. Metode</b> .....	<b>20</b>
4.1 Planleggingsdel .....	21
4.2.1 Reliabilitet og validitet .....	26
4.3 Gjennomføringsdel .....	26
4.4 Analysedel .....	28
4.5 Vitenskapeleg ståstad .....	30
4.6 Egen forskarrolle/etikk .....	31
<b>Kapittel 5. Presentasjon av hovudfunn</b> .....	<b>33</b>
5.1 Miljøterapeutanes erfaringar med vald og truslar .....	33
5.1.1 Ulike episodar med vald og truslar .....	35
5.1.2 Tida før og etter episodar med vald og truslar .....	42
5.1.3 Arbeidsmiljø .....	43
5.1.4 Relasjonsarbeid .....	45
<b>Kapittel 6. Erfaringar og relasjonsarbeid prega av vald og truslar?</b> .....	<b>47</b>
6.1. Korleis kan ein forstå miljøterapeutane sine erfaringar med vald og truslar .....	47
6.1.1 Påvente av valdshendelse .....	52
6.1.2 Korleis påverkar arbeidsmiljøet miljøterapeutanes opplevsalar? .....	53
6.2 Korleis kan ein forstå relasjonsarbeidet .....	54
6.2.1 Ungdomens relasjonskompetanse .....	58
<b>Kapittel 7. Avslutning</b> .....	<b>59</b>
<b>Litteraturliste</b> .....	<b>62</b>

<b>Vedlegg 1 Informasjonsskriv .....</b>	<b>66</b>
<b>Vedlegg 2 Samtykkeerklæring.....</b>	<b>69</b>
<b>Vedlegg 3: Godkjenning frå NSD.....</b>	<b>70</b>
<b>Vedlegg 4. Intervjuguide .....</b>	<b>72</b>

## Kapittel 1. Innleiing

Tilsette i helse- og sosialsektoren er dei mest utsette for vald og truslar på arbeid. Dei tilsette på barnevernsinstitusjon toppar lista i Fafu-rapporten frå 2019 (Hagen & Svalund, 2019, s.52). Eit fellestrekk for personar i helse-og sosialsektoren er at ein jobbar med menneskjer og har dagleg kontakt med personar som er i ein særlig sårbar livssituasjon (With, 2018). Dette, saman med mine egne erfaringar frå arbeid ved barnevernsinstitusjonar, får meg til å tenke på kva erfaringar miljøterapeutar har med vald og truslar, korleis valdshendingar og truslar påverkar dei tilsette og deira relasjon til personane som utøver denne type åtferd.

I Arbeidsmiljøloven § 4-3 står det blant anna at arbeidstakarar ikkje skal utsettast for trakassering og at ein skal, så langt det er mulig, beskyttast mot vald og truslar som følge av kontakt med andre (Arbeidsmiljøloven, 2005, § 4-3). Til tross for at det er ein paragraf for dette skjer det både trakassering, valdshendingar og truslar på arbeidsplassar rundt om. Etter over sju år i arbeid på barnevernsinstitusjon har eg både sjølv erfaringar med, og høyrte om fleire situasjonar, der ungdom har brukt vald, truslar og utagerande åtferd mot miljøpersonalet. I 2014 gjekk det så gale at Anne Kristin Gillebo Backlund blei drepen på ein barnevernsinstitusjon i Asker når ho var aleine på arbeid saman med den 15 år gamle bebuaren som er tiltalt for drapet. Denne bebuaren hadde tidligare vore innblanda i fleire svært alvorlege valdshendingar (Meldalen & Johansen, 2015). For å få dette på dagsorden og unngå fleire alvorlege fysiske og psykiske skadar på miljøpersonal er det viktig å sjå på kva erfaring miljøterapeutane har, korleis det påverkar miljøterapeutar å gå i ein slik belastning og korleis det påverkar relasjonen mellom miljøterapeuten og ungdommen.

Formålet med dette studiet er å utvide vår forståelse for og auke kunnskap om korleis det påverkar miljøterapeutane å arbeide på barnevernsinstitusjon der dei blir utsatt for vald og truslar om vald frå ungdomane som bur der, og korleis det påverkar relasjonen til ungdomane. Studiet vil bli gjennomført med denne problemstillinga:

**«Korleis kan vi forstå miljøterapeutanes erfaringar med vald og truslar om vald på barnevernsinstitusjonar, og korleis kan relasjonsarbeidet forståast?»**

På bakgrunn av problemstillinga vil eg svare på den ved å utforske desse forskingsspørsmåla:  
Korleis kjem samanhengar mellom makt og hjelp til uttrykk i miljøterapeutisk arbeid?  
Kva eigenskapar er viktig innan relasjonskompetanse?

### 1.1 Sentrale omgrep

For å besvare problemstillinga om korleis ein kan forstå miljøterapeutens erfaringar med vald og truslar på jobb, og korleis dette påverkar relasjonsarbeidet mellom miljøterapeut og ungdom, er det gjennomført individuelle dybdeintervju med ni miljøterapeutar frå ulike barnevernsinstitusjonar. Miljøterapeutane er spurt om kva dei har opplevd av denne type åtferd, korleis det påverka dei, korleis det påverka relasjonen til ungdomen og kva oppfølging dei fekk. Samt spørsmål om dei kan fortelle om den verste og mildaste opplevinga dei har hatt med vald og truslar på jobb, og korleis relasjonen var med ungdomen som utøvde valden. Det vil vere fokus på arbeid i barnevernsinstitusjonar, og dermed er informantane miljøterapeutar som jobbar på denne type institusjon. For å kunne vere informant i dette studiet er ein avgjerande faktor at ein har blitt utsatt for valdshandlingar og truslar på arbeid i barnevernsinstitusjon. Det er ikkje satt noko avgrensing på kva type vald ein er utsatt for, det kan ha vore over tid eller enkelt episodar. Det er ikkje avgrensa til at valden må vere frå nåverande arbeidsplass. Alle informantane, bortsett frå ei, arbeidar framleis som miljøterapeut på barnevernsinstitusjon.

I studiet vil hovudsaklege ordet ungdom bli brukt om barn og unge som bur på barnevernsinstitusjon. I teoridelen vil ord som brukar, klient, bebuar og pasient bli brukt for å formidle teori og kjent kunnskap.

Miljøterapeutane i oppgåva vil vekselvis bli omtala som miljøterapeut, omsorgsgivar, omsorgsarbeidar og informant.

Omgrepa makker og kollega er brukt i oppgåva. Makker er kollegaen man jobbar saman med på same tid, mens ein kollega er ein miljøterapeut som jobbar på same institusjon, men i anna turnus enn ein informant.



### 1.1.1 Vald

Vald er eit av hovudomgrepa i studiet. Vald bør skilles mellom psykisk vald og fysisk vald. Psykisk vald er negative og fiendtlege holdningar og handlingar som er til for å skremme, skade eller krenke nokon utan bruk av fysisk makt. Dette kan gi følelse av blant anna frykt, skam, mindreverd og skyld. Eksempel på handlingar ved psykisk vald er truslar, ydmykelse, avvising og tvang. Fysisk vald er handlingar der ein påfører eit anna menneske smerte. Det kan forårsake fysisk og psykisk skade, død og sjukdom. Eksempel på denne type vald kan vere spark, slag, biting og kveling (Bufdir, 2020b)

Det er utfordrande å finne ein definisjon for vald som er riktig for alle type valdsepisodar. Koren (2000, s.19) har beskrive ulike kategoriar av vald, og fire av kategoriane er spesielt hensiktsmessige å ta med i dette studiet. 'Målretta vald' der valden har eit formål. Utøvaren er ikkje nødvendigvis aggressiv, men utviklar denne type åtferd for å nå eit mål. 'Feilretta vold' går ut på at vald blir retta mot ein person fordi vedkommande oppfattast som ein representant for eit system eller noko anna ein ikkje aksepterer. 'Ekspressiv vold' er vold der hovudhensikta er å bruke vald eller forårsake skade for å få utløp for sinne og frustrasjon. Materiell vold er vald som er retta mot ting eller gjenstandar (Koren, 2000, s.19).

### 1.1.2 Truslar

Det er òg skilt mellom ulike typar truslar. Det er 'opne truslar' der truslane er tydelige, det kan vere utsagn som «eg skal drepe deg». 'Skjulte truslar' er vage og vanskelige å forholde seg til da ein ikkje nødvendigvis skjønner kva den som truer meiner. Det kan vere utsagn som «Tør du verkeleg å komme tilbake på jobb neste gang?». 'Verbale truslar' inneheld alt eit menneske kan sei til eit anna. Det kjem ann på omstendighet og tolking, der til dømes kommentarar som «du er fin i dag» kan opplevast som ein trussel. 'Fysiske truslar' brukast om all åtferd som oppfattast truande, som å dra fingeren over halsen, springe mot nokon, gjere brå bevegelser (Koren, 2000, s. 21). Det å bli utsatt for truslar kan vere like skadelig som å bli utsatt for vald. Det er stor forskjell på kva folk tåler før dei føler seg trua eller skremte. Truslar om at den som truer skal skade seg sjølv er òg belastande og tungt å stå i. Som miljøterapeut der ein har eit ansvar og er hjelper til den som truar, kan truslar om at brukaren skal skade seg sjølv eller truar med å ta eige liv vere tyngre å stå i enn truslar som går på miljøterapeuten (Koren, 2000, s.22).

### 1.1.3 Debrief

Omgrepet 'debrief' betyr ein kort gjennom av eit oppdrag. Det er eit omgrep som er brukt for samtale om eit hendelsesforløp etter ei dramatisk hending eller redningsinnsats. Debrief finner stad 0-2 dagar etter hendelsen, og har som hensikt å førebygge utvikling av negative, psykiske følger hos personalet som har vore i situasjonen. Under ein debrief skal det vere ein openheit som tillater at hendinga bearbeidast fornuftsmessig og følelsesmessig (Malt, 2019).

### 1.2 Kva er ein barnevernsinstitusjon?

Barneombudet (2019) beskriv ein barnevernsinstitusjon som ein plass barn og ungdom kan bu dersom dei ikkje kan bu saman med foreldra sine. Dette avsnittet gjelder både barn og ungdom, men kun ordet ungdom blir brukt vidare. Det finnes ulike barnevernsinstitusjonar, deriblant utredningsinstitusjon, akuttinstitusjon, rusplasseringar, einetiltak, institusjonar for ungdomar med alvorlige åtferdsvanskar og institusjonar for ungdom mellom 12 og 18 år. I sistnemnte kan ungdom bu både i korte og lengre periodar. Det kan bu fleire ungdomar på dei ulike institusjonane, men alle har eigne rom. Det skal òg alltid vere fleire enn ein voksen på jobb på institusjonane (Barneombudet, 2019). Informantane i denne studien arbeidar på institusjonar for ungdom mellom 12 og 18 år.

Det er barnevernstenesta i kommunen ungdomen bur i som avgjere om ungdomen skal plasserast i fosterheim eller på institusjon. Barne-, ungdoms- og familieetaten (hermed forkorta til Bufetat) har hovudansvaret for institusjonsplassering av ungdom som av ulike årsaker ikkje kan bu hos foreldra sine. Årsakene kan blant anna vere at ungdomen har åtferdsutfordringar, ruser seg, at det er manglande omsorg i heimen eller foreldra av ulike grunnar ikkje er i stand til å ivareta ungdomen med den omsorga den trenger (Bufdir, 2020a). Bufetat tildelar institusjonsplasser etter søknad frå barnevernstenesta i den aktuelle kommunen. Barnevernsinstitusjonane i Norge drivast av det offentlige (Bufetat), kommunane, ideelle organisasjonar og private aktørar. Etter barnevernsloven har Bufetat ansvaret for å etablere og drifte barnevernsinstitusjonar, samt godkjenning av private og kommunale barnevernsinstitusjonar. Fylkesmannen har tilsyn i dei ulike institusjonane, både uanmeldt og anmeldt tilsyn, for å sikre at institusjonane drivast i samsvar med gjeldene regelverk og at ungdom får den omsorga og behandlinga dei skal ha (Bufdir, 2020a).

For at barnevernsinstitusjonar skal bli godkjent av Bufetat er det ein del krav som må oppfyllest. Det er til dømes krav om institusjonsplan, som er ein skriftlig plan for verksamheita. I denne planen skal det redegjerast for korleis institusjonen fyller opp alle krav som stillast til institusjonen i Forskrifta om krav til kvalitet i barnevernsinstitusjonar og regelverk for øvrig (Forskrift om internkontroll i institusjoner, 2008, § 1).

Institusjonsplanen må innehalde målgruppe, målsetting, metodikk, materielle krav, institusjonens lokalisering, krav til bemanning og dei tilsette sin kompetanse, rutinar som ivareta bebuarens private eigendelar og pengar, medisinsk tilsyn og behandling, oppbevaring og behandling av personopplysningar, bebuarens medverking og internkontroll (Forskrift om internkontroll i institusjonar, 2008, §§1-9).

Etter sju år i arbeid på barnevernsinstitusjon har eg jobba på fleire ulike institusjonar. Samtlege institusjonar eg har jobba på er institusjonar for barn mellom 8-14 år og institusjonar for ungdom mellom 12 og 18 år. Alle ungdomane har, i tida eg har jobba rundt dei, vore plassert på omsorgsparagraf. Eg har dermed ikkje jobba på institusjonar der åtferd eller rus har vore hovudutfordringa, sjølv om mine erfaringar har vist at det kan vere gråsoner der ungdomane har åtferd- og rusrelaterte utfordringar sjølv om dei er plassert på omsorgsparagrafer. Det som er felles for alle institusjonane eg har jobba på er at dei er lik ein «vanleg» heim, bortsett frå nokre låste dørar og døgnplanar hengane i fellesarealet.. Det er alminnelege einebustadar midt i gater og lokalsamfunn. Når ein kjem inn der, er det lite som tyde på at dette er noko anna enn ein heim.

### 1.3 Arbeidets oppbygging.

Vidare i oppgåva vil det i kapittel 2 bli gjort rede for tematikk, eksisterande forskning og eigen forskarrolle. Kapittel 3 tar opp ulike teoretiske perspektiv. Først i kapittelet blir ulike maktaspekt presentert med hovudvekt på Michel Foucault sine analyser av makt, vidare blir relasjonskompetanse og terapeutisk allianse presentert. I kapittel 4 diskuterast ulike metodevalg og det blir begrunna for kvifor eg valde kvalitativ metode og individuelle dybdeintervju. Samt korleis datainnsamlinga og analysen er gjennomført. I kapittel 5 presenterast hovudfunna frå intervjua. I kapittel 6 blir hovudfunna drøfta opp mot dei teoretiske perspektiva rundt makt og relasjonskompetanse for å besvare problemstillinga. Avsluttinga blir presentert i kapittel 7.

## Kapittel 2. Bakgrunnsdel og relevant forskning

I bakgrunnsdelen blir min eigen motivasjon for studiet presentert, samt eksisterande forskning rundt teamet vald og truslar om vald i arbeid.

### 2.1 Eige ståsted i forskinga

Det å stå i situasjonar med vald og truslar om vald er eit tema som både berøre og engasjerer meg etter fleire år som miljøterapeut i barnevernsinstitusjon. I løp av ungdomsåra skal ein peile seg inn på ein studieretning man vil jobbe i frå starten av tjueåra og i vaksenlivet. Min eigen erfaring er at det vart omsorgsfeltet i håp om å hjelpe og gje andre menneskjer, gjerne barn og unge, ein betre kvardag. Det blei sosionomutdanning med ønske om å få ein jobb innan barnevern der eg kunne få bruke meg sjølv, min omsorgsevne og faglig bakgrunn til å hjelpe og vere ein stabil vaksen for barn og unge som kjem frå utfordrande forhold og erfaringar. Ein nokså rosenrød arbeidskvardag. Sånn vart det ikkje. Det tok ikkje lang tid før eg fikk kjenne på at arbeidet i barnevernsinstitusjon var alt anna enn rosenrødt og ga følelsen av å bidra til betre kvardagar med omsorg og hjelp. Skjellsord, voldstruslar, voldshandlingar og redsel store deler av vaktene vart slutten på starten. Etter åtte månadar vart det stopp, og eg slutta på institusjonen, i den såkalla draumejobben. Det gikk ikkje meir, redselen vart for stor. Heldigvis fikk eg tilbod om ein fast stilling på ein anna institusjon med yngre barn to månadar seinare. Dette var ein institusjon med barn frå 8-12 år. Etter nokon rundar med refleksjon takka eg ja til dette tilbodet. No, nokre år seinare, er eg framleis i arbeid på barnevernsinstitusjon og trivast i yrket. Eg har vekselvis jobba på institusjon for barn under 12 år og for ungdomar frå 12- 20 år. Erfaringa frå starten av yrkeslivet engasjera og pregar meg. Setninga «men sånn er det når man har valgt jobb innan barnevern, så om det ikkje passer deg eller blir for tøft, bør du kanskje sjå etter noko anna?» har eg høyrte gjentatte gongar, både til meg, kollegaer og andre. Er det verkeleg sånn det skal vere, at dersom ein syns det er tøft på jobb ein periode bør man sjå seg etter ein ny jobb eller nytt yrke? Kor mykje skal vi tåle før det er lov å innrømme at det pregar oss både personlig og som miljøterapeut? Og korleis påverkar sånne haldningar relasjonsarbeidet med barn og unge som vi skal vere stødige og gode omsorgsarbeidarar for?

Det er viktig for meg å få fram at det ikkje er alle barn og unge på barnevernsinstitusjon som utøver vald eller truslar om vald. Dette er heller ikkje eit studie om frekvens eller kor mange barn og unge som har denne type åtferd. Kor stor prosentandel av ungdomane som er

valdelege og om det er særlig ungdom med spesielle typar problematikk hadde vore interessert å finne ut, men dette er vanskeleg å finne informasjon om. Det er å anta at det er mange gråsoner og underrapporteringar på kva som opplevast som vald og truslar.

## 2.2 Eksisterande forskning

Etter å ha lest meg opp på tematikken med problemstillinga i fokus fann eg ut at det ikkje er mykje forskning på akkurat dette temaet. Etter nokon kjappe søk kjem det mange artiklar, studiar og veiledarar om korleis man kan førebygge vald og truslar, korleis det er å leve i eit parforhold eller i ein familie prega av vald, men lite om korleis det påverkar tilsette som oppleve vald på jobb eller korleis det pregar relasjonsarbeid. Intensjonen med dette studiet er å tette eit kunnskapshull og få fram individuelle opplevingar og erfaringar rundt ein arbeidskvardag som er prega av vald og truslar, samt få fram ein forståelse av opplevelsane og korleis det påverkar relasjonsarbeidet. I dette studie blir det brukt både nyare og eldre forskning, men uavhengig av utgivelsesår vil det vere kritiske vurdering av kjelder, forskning og litteratur.

Rapportar frå arbeidstilsynet viser til at dei som er mest utsatt for vald på jobb er helserelevante yrker som blant anna vernepleiarar, sosialarbeidarar og pleie-/omsorgsyirket. Konsekvensar av vald og truslar kan bli alvorlege både fysisk og psykisk. Mange opplever psykiske plager som angst, depresjon og søvnproblem etter å ha opplevd vald og truslar. Redsel for at ein skal oppleve vald og truslar kan òg vere ein belastning, sjølv om ikkje vald og truslar finner sted. Det kan bli så alvorlig at tilsette får posttraumatisk stresslidelse av å stå i dette over tid eller oppleve alvorlege hendingar. For den tilsette kan det òg gå utover det sosiale, ved at ein går inn i isolasjon og tap av sjølvtilit (Arbeidstilsynet, 2019). Desse rapportane viser at arbeid med menneske med utfordrande åtferd er krevjande og kan gje store konsekvensar for miljøterapeutane.

Basert på ein kvantitativ undersøking gjort i 2002 med tilsette som yter tenester til personar med psykisk funksjonshemming har Ellingsen og Lungwitz (2003, s. 201) gjort ei analyse av forholdet mellom vald og trivsel på arbeid. Analysen viser at nesten alle tilsette i undersøkinga opplevde vald på arbeidsplassen, samt som nitti prosent sa at dei trives på jobb. Noko av det som kan påverke trivselen i positiv grad er at alvorlege hendingar kan kople tilsette saman til ein slags kollektiv «vi-følelse». Samt viser det at dersom den tilsette opplever seg sjølv som delvis skyldig i at situasjonane skjer på grunn av krav eller bruk av

tvang, kan det vere ei forklaring på den positive innstillinga hos dei tilsette (Ellingsen og Lungwitz, 2003, s.207).

I ein nyleg rapport om vald og truslar visast det til ein tabell, der ein ser at 76 % av dei som jobbar på barnevernsinstitusjon har siste 12 månadane blitt utsatt for vald og/eller truslar, samt 87 % svarar dei har vore utsatt for vald og truslar og/eller kjenner nokon i virksomheten som har vore utsatt for det siste 12 månadane (Hagen & Svalund, 2019, s. 52). I same rapport visast det ein årsaksmodell på kvifor det i ein relasjon mellom tilsett og brukar kan ende med vald og truslar. Kjenneteikn ved brukaren er forventningar til tenesta, samhandlingskompetanse, helsetilstand, generell livssituasjon, nettverk og familie. Kjenneteikn ved den tilsette er kompetanse, haldningar, erfaringar, utdanning, roller, leing, rutinar, bemanning, rammebetingelsar og bruk av tvang (Hagen & Svalund, 2019, s.30). Desse kjenneteikna vil prege relasjonen mellom tilsette og ungdom. Ungdomen og den tilsette sine erfaringar i møte med andre, vil prege væremåten i samspelet. Ungdomen kan til dømes ha lært seg ei åtferd som bidrar til å få viljen sin, og denne åtferda kan påverke sannsynlegheita for at det oppstår vald og truslar (Hagen & Svalund, 2019, s. 31).

På heimesida til RVTSS (Regionalt ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvhofførebbygging) finn ein artikkelen «Hjelpar og utsatt for vald» skrevet av Eva Dønnestad (2016). Dønnestad (2016) skriv om korleis det er å leve med vald. Når ein leve med vald er ein i meir eller mindre konstant frykt. Sjølve valden eller den fysiske smerten er ikkje nødvendigvis det verste, men det å gå med viten om at det kan forekomme og det å ikkje vite når det skjer (Dønnestad, 2016). Det å gå med konstant frykt er intenst og krevande. Det går utover tilstedeværelse og konsentrasjon, da energien går til å forsøke å regulerer frykta. Ein begynner å organiserer seg for å unngå vald og krenkelsar (Dønnestad, 2016). I artikkelen til Dønnestad (2016) er det fokus på korleis det er å leve i ein valdsrelasjon. Sjølv om dette studiet har fokus på arbeidsplass, ikkje privatliv, kan ein dra parallellar da miljøterapi har fokus på blant anna gode relasjonar og at ein er tett på brukargruppa. Dersom ein som miljøterapeut i barnevernet går med den same frykta som Dønnestad (2016) beskriv, er det sjølvforklarande at dette til slutt kan gå utover både miljøterapien, miljøterapeuten som person og relasjonen mellom miljøterapeut og ungdom.

### 2.2.1 Vald og påverknad

Heilt tilbake i 1995 skreiv Glynis Breakwell om klientars vald mot omsorgsarbeidarar. I omsorgsyrkene gir det aukande bekymring for valdsproblematikk fordi dei tilsette er bevisst at dei står i fare for å bli utsatt for vald og truslar frå dei same personane som dei prøver å hjelpe. Valdssituasjonar er ikkje alltid like synlege og akutte, dei er nokre gongar konstante, men små og strekker seg over tid (Breakwell, 1995, s. 10). Vald kan vere ein reaksjon på både makt og omsorg. Spesielt i døgninstitusjonar og langvarige rådgjevingsrelasjonar kan hjelpemottakar bruke vald for å prøve ut kor sterk eller trygg relasjonen er. I denne utprøvningsfasen kan omsorgsarbeidarar bli utsatt for mindre, men regelmessige fysiske angrep. I nokre tilfelle ansjåast denne perioden av utprøving nødvendig for utviklinga av eit terapeutisk forhold. Det er særleg farlig når angrepas omfang og betydning blir undervurdert og man feiltolkar motivet bak valden sånn at det til dømes kan tolkas som ein utprøvningsprosess, men i realiteten er starten på eit regulært overfall (Breakwell, 1995, s.25).

Ein psykolog som òg har erfaringar og kunnskap om vald, er Per Isdal. Han har drevet terapi med menn som har utøvde vold og overgrep i fleire år. Isdal fortel i eit intervju med Bente Thoresen (2017) at det viktigaste er å erkjenne at ein blir påverka av jobb. Isdal begynte allereie på 80-talet å ha mareritt om vald, men skjønnte ikkje at det hadde samanheng med jobben hans som terapeut. Han endra seg, vart irritabel, kjente på sinne og andre reaksjonar. Men det tok ti år før han forstå og erkjente at denne endringa kom på grunn av belastningar og påverknad frå jobb (Thoresen, 2017). Isdal er opptatt av kvardagen på arbeid, det daglege presset. Han fortel at ved dei ekstreme situasjonane, som til dømes om du blir slått ned på jobb, er det rutinar for. I motsetning til daglege vonde, sterke opplevingar ein skal bearbeide. Dette er det lett å oversjå, noko som gjere at ein bli påverka og det skjer ein endring i oss sakte og gradvis (Thorsen, 2017).

## Kapittel 3. Teoretisk bakgrunn for forskingsprosjektet

Dette kapittelet tar for seg nyttig teori som vil bli brukt til å drøfte hovudfunn. Hovudtyngda i teoridelen er Michel Foucault og hans analyser på maktaspektet. Vidare i kapittelet blir det gjort rede for relasjonskompetanse og terapeutisk allianse. Til slutt vil det bli sett på emosjonell prosessering og kognitiv terapi.

### 3.1 Maktaspektet

Foucault er ein historisk filosof som er kjent for sine analyser om korleis det moderne mennesket anerkjenner seg sjølv og korleis denne erkjenninga alltid er assosiert med maktaspektet. Han har studert korleis diskursar påverkar samspel i praksis (Mik-Meyer & Villadsen, 2007, s.16). Foucault har vore opptatt av makt i mange tidsepokar, og har i den moderne tid belyst maktomgrepet som noko positivt i motsetning til teoriar som viser til makt som undertrykkelse og tvang. Maktforma som kjenneteiknar det moderne velferdssamfunnet består i følge Foucault ikkje i undertrykkelse, men heller at det kan vere med å utvikle individ. Moderne maktutøvelse er ein skapande makt som bidrar til utvikling, pleiar, dyrkar og stimulere evner hos innbyggjarane. Han meiner at makta er produktiv, skapande og individualiserande ved at den hjelpe individ til å bli unike subjekt, samt at individet sjølv gjere seg til subjekt (Mik-Meyer & Villadsen, 2007, s.17). Her kan ein sjå på omgrepet governmentality, som Foucaults brukar til å forklare statens indirekte styring der staten brukar makt til å tilrettelegge for at individ skal ta gode valg for seg sjølv og vere både sjølvstyrande individ og handle i tråd med normer og reglar i samfunnet. I middelalderen kunne gouvernement bety å flytte seg sjølv eller ein gjenstand framover, samt å forsørge nokon og lede på moralske området (Mik-Meyer & Villadsen, 2007, s.20).

#### 3.1.1 Pastorale maktformer

Foucault samanliknar dei individualiserande teknikkane med den kristne kyrkas metodar til å lede individ mot frelselse og kaller dette «pastorale ledelse». Pastoren, eller presten, får individ til å opne seg om sine fristelsar og ugjerningar for å få syndsforlatelse og frelse. Den pastorale makt går dermed ut på at individet fortel om seg sjølv, sine erfaringar, tankar og fristelsar til presten. Når individ erkjenner lyster, tankar og utfordringar er det lettare å forme og påverke individet seinare til å handle som bevisste og ansvarlege innbyggjarar. Foucault meiner at presten kan kreve at ein fortel sannheita om kven man er, og at vedkommandes utsagn om kven man er kan bli brukt mot ein. På denne måten blir pastoral ledelse ei individualiserande makt i følge Foucault. Poenget til Foucault er at denne type makt ikkje stoppar i kyrkast historie, men at det er denne teknikken det moderne velferdssamfunnet brukar, da til dømes psykologar, sosialarbeidarar og terapeutar. Dette begrunnen han med at for å kunne lede og hjelpe eit individ er det avgjørande at individet fortel sannheten om seg sjølv og kven man er (Mik-Meyer & Villadsen, 2007, s.18).



### 3.1.2 Disiplinære maktformer

Foucault skil mellom pastorale og disiplinære maktformer. Tidligare i verdas historia viste Foucault til at makt vart brukt som avstraffelsar, som kunne ende med død, til dømes i fengsel. Samt at ein var ute etter å straffe for gjerningar, ikkje finne ut kven gjerningsmannen er. Med disiplinære maktformer gikk ein vekk frå pine og dødelig utfall av makt, og samfunnsorden vart oppretthaldt med andre midlar. Straffesystemet begynte å bruke nye metodar for å fylle sin funksjon. Sentralt i denne utviklinga står system for kunnskap og viten. Foucault framhevar nye menneskevitenskapar og endring innan kunnskap og syn på psykisk helse med psykologi, psykiatri og medisin. Kategorisering er eit uttrykk som blir nemnt innan disiplinær maktform. Systematisk innsamling av kunnskap om mennesket endrar seg og objektiviteten veks fram. Mennesket blir sett på som art eller kategorien menneske, og det etablerast ein kultur der kunnskap samlast, kategorisarast og arkiverast. Det individuelle menneske blir gjenstand for stemping og ens liv blir samla i tekst som kategoriserast og arkiverast. I denne forstand blir individet objektivisert igjennom oppdelingar i praksis. Til dømes skillast det mellom normalt-gal og frisk- sjuk (Mik-Meyer & Villadsen, 2007, s.22).

### 3.1.3 Moderne maktutøvelse

Sosiologen Max Weber har òg vore sentral i drøftinga av maktomgrepet. Han meinte at makt er eit eller fleire menneskjers muligheit til å få gjennomført egen vilje i ein sosial relasjon, med eller utan motstand (Lillevik & Øien, 2017, s.15). Muligheita for makt er òg ein form for makt. Den som sitter på makt har muligheit til å bestemme over den andre og frata den andres frihet (Lillevik & Øien, 2017, s.15). Ord som assosierast med makt, innan Weber sitt perspektiv, er kontroll og tvang som vidare assosierast med ufrihet og umyndiggjering. Det er gjennomgåande negativt lada ord, samtidig som man i Norge er innforstått med at samfunnet er bygd på ein maktstruktur som er nødvendig for at det skal fungere effektivt og bra (Lillevik & Øien, 2017, s. 14). Foucault ser på makt frå eit anna perspektiv enn til dømes Max Weber. Foucault meiner ikkje at makt er noko ein besitter i den forstand at aktør A har makt til å påverke eller styre aktør B. Foucault meiner tvert imot at moderne makt dreier seg om at ein kan påverke frie individ, deira handlingar og deira oppfatning. Det er altså ein produktiv makt som ønsker å bidra til å gje individ kapasitet til å handle på bestemte måtar og til å bearbeide deira sjølv-respekt. I den moderne velferdsstat er det ein moderne styreform, altså regjeringa, saman med pastorale og disiplinære maktformer. Ein må vidare undersøke korleis desse er kobla saman (Mik-Meyer & Villadsen, 2007, s.20). Tidligare samfunnsreaksjonar på lovbrøt er ein av måte Foucault bruker på å beskrive moderne maktutøvelse på. Før var det fokus på å

funne den skylde, gjerne ved bruk av vald for å få ein tilståelse og dermed finne ein straff på lovbrøtet. I den moderne rettsstat, kriminologi og atferdsvitenskap er ein interessert i straffens rasjonalitet, dens mål og midlar. Det er ikkje lenger nok å kjenne til ulovlige handlingar og utnemne den skyldige for å finne rett straff, no er ein også opptatt av å kjenne personen bak handlingane, eins motiv, følelsar og kva som påverka personen. Dette er viktig i dag for å kunne finne oppbyggande og handlande tiltak ovanfor den skyldige, i staden for å fokusere på straffemetodar. Derfor er det viktig å få den skyldige i tale (Mik-Meyer & Villadsen, 2007, s.20). Moderne styring kviler på kunnskap, som oftast er henta frå vitenskapen, men ein kan ikkje berre fokusere på vitenskapelige teoriar og forklaringar for å framstå legitime. Det er snakk om ein toveis gjensidig betinga relasjon mellom maktutøvelsen og dei vitenskapelege kategoriane for at det skal fungere. Utøvelse av makt støttast og begrunnast i vitenskapelege kategoriar, men dei vitenskapelege kategoriane på si side etablerast i nær tilknytning til praksis for å styre og kontrollere menneskjer. Foucault er kjent for sin formulering på forbindelsen mellom makt og kunnskap. Når eit intervensjonsområde etablerast, etablerast òg eit område med kunnskapsgenerering. Foucault og hans etterfølgjarars arbeid har bestått i å undersøke forbindelsar mellom styring og den vitenskapelege kunnskapsforma. Det handla om å problematisere dei naturaliserte institusjonane i det moderne velferdssamfunnet som fengsel, sosialkontor, og dei arbeidsinstrukser og kunnskapsformene som er knytt til disse institusjonane. Det har vore snakka om ei rekke spesifikke kritiske analyser av korleis bestemte aspektar av det moderne menneskelivet som er gjort til gjenstand for makt og kunnskap. Foucault har stilt spørsmålsteikn ved dette og det er på denne måten hans arbeid ansjåast som kritikk av det moderne menneskevitenskap og deira forbindelse mellom makt og styring (Mik-Meyer & Villadsen, 2007, s.21).

### 3.1.4 Maktomgrepet i terapeutisk samanheng

Foucault skil kunnskap om innbygarane mellom to akser; totaliserande og individualiserande. Den totaliserande aksen er overgripande og kvantitativ da den gjeld alle, mens individualiserande er retta mot individ. Med tanke på at alle innbygarane er pålagt skattebetaling, obligatorisk skulegang og blir plassert i ulike grupper, som pensjonistar og arbeidsledige, gjere ein innbygarane til objekt. På denne måten er den moderne stat 'totaliserande'. Mens den moderne stat er 'individualiserande' når ein er interessert for enkeltes innbygarars personlegheit, psykiske helse og sjølvfølelse. Foucault meiner den moderne stat har ein kombinasjon av totaliserande prosesser og individualiserande teknikker (Mik-Meyer & Villadsen, 2007, s.17). Her kan ein dra linjer mellom Foucaults beskriving av

den moderne stat og dei to ulike nivåa hjelperelasjonen blir skilt mellom i analytisk tilnærming. Hjelperelasjonen blir skilt mellom systemnivå og personnivå (Skau, 2010, s.98). Systemnivå representerer eit hjelpeapparat som heilhet, som påverkast av rammene, verdiane, økonomi, roller osv. Dette nivået dannar grunnlaget for det som skjer på personnivå i møtet mellom klient og hjelpar (Skau, 2010, s.89). Korleis makt utspillar seg mellom velferdsstatens sosiale hjelpesystem og innbyggjarane har fleire teoretikarar interessert seg for, med inspirasjon frå blant anna Michel Foucault sine interesse for «det maktfulle møte mellom system og klient» (Høilund & Juul, 2015, s. 59). Å vere representantar frå eit system, til dømes miljøterapeutar i møte med ungdom, handla ikkje kun om å utøve juridisk myndighet og følge reglar. Det er langt meir fleirtydelig og inngripande forhold, der det er overlatt til ulike faggrupper og personar å ta avgjørelsar med viktig betydning for dei berørte individa. Makta har ulike formar og utspiller seg i ei gråsona der myndighet, støtte, forhandling, overtalelsar, disiplinering og kontroll er blanda saman (Høilund & Juul, 2015, s. 60). Dette vil sei at maktutøvelsa til for eksempel sosialarbeidarar er basert på sosialtjenestelova der ein jobba utifrå lovverket, men profesjonelle fagpersonar tar individuelle avgjørelsar der loven kan tolkast, bøyast eller tilsidesettast i ulike situasjonar. Dermed er den viktigaste makta den som setter seg i ryggraden til sosialarbeidaren. Det er ein maktform som er ubevisst og usynlig for sosialarbeidaren og det opplevast sannsynligvis ikkje som makt. Makt og kunnskap er forbundet, og makta dreiar seg om å skape menneskelege subjekt, som forstår seg sjølv og tenker på ein bestemt måte. I Foucault sitt perspektiv handlar ikkje sosialarbeidarane fritt, men er underlagt tidens sannhetsregime, og handlar utifrå det som er rett her og no (Høilund & Juul, 2015, s. 60).

I ein terapeutisk samanheng er strukturell vald eit sentralt omgrep. Teorien om strukturell vald er utvikla av den norske samfunnsforskar og sosiolog Johan Galtung. Teorien peikar mot brutaliteten i det vi tar for gitt og mot eit system vi både er ansvarlig for og er ein del av. Denne dimensjonen kan binde oss saman og gjere oss i mindre stand til å sjå konsekvensar av systematisk understrykkelse av folkegrupper. Det handlar ikkje hovudsakleg om individuelle val, men byråkratiske rutiner, bestemt gjennom politikken som ikkje tar hensyn til det individuelle. Det er dermed ein form for vald der dei underpriviligerte og minoritetane får enda dårlegare vilkår og manglande muligheit for å leve det livet ein kunne gjort på grunn av politiske prosessar og sosiale organiasjonar (Varvin, 2019).

Utbrenthet kan gje ein følelse av avmakt som er knytt til at ein ikkje mestrer eller får gjennomført det man har planlagt. Utbrente menneske kan gruble meir over situasjonar og har generelle eller arbeidsrelaterte mareritt (Gratland & Nergård, 2020). Alvorlige, eller mindre alvorlige hendingar over tid på jobb kan gjere dei tilsette utbrent. Langvarig, arbeidsrelatert stressreaksjon med fysiske og psykiske symptom kan vere ein beskrivelse på utbrenthet. Behandlertretthet er eit anna ord som beskriver denne tilstanden som har pågått over tid, som kan gje utslag som følelsesmessig utmattelse, hydistantering og redusert personlig yteevne (Gratland & Nergård, 2020).

Skau (2010) stiller spørsmål ved kva som skjer når ein menneske kjem i ein situasjon der ein treng hjelp frå ein som også representerer eit maktapparat. Kva er forskjellen på hjelp og makt, og korleis virka desse to fenomen saman på ein arena der klient og hjelper møtes? Hjelp blir ofte assosiert med noko positivt, mens maktomgrepet er negativt lada. Det gjelder både det å bli utsatt for maktbruk eller å bruke makt på andre. Likevel er ein viss form for makt nødvendig for å hjelpe, da hjelpar ikkje er avmektig eller hjelpeløs. Samtidig som misbruk av makt vil gjere stor skade (Skau, 2010, s.16). Andre ord som er nært knytt til makt er vald. Ordet vald er gamalt og stammar frå det norrønne, og betyr «ledar» eller «herskar». Vold kan innebære fysisk makt, det å ha nokon i sin makt eller bestemme over nokon (Lillevik & Øien, 2017, s.14). For å forstå valdens innhald og konsekvensar må ein sjå nærmare på korleis vald og makt står i forhold til kvarandre. Mikromakt, eit begrep Foucault brukar for å betone at makt framstår i relasjonar, og at det er på dette nivået det blir synleg. Mikromakt utøvast med vekslende spill av krefter, motkrefter og strategiske avveiningar. Det betyr at ein ikkje kan tenke på makt som noko nokon eige, men at det makt varierar frå situasjon til situasjon. Disiplineringa og normaliseringa utøvast i relasjonens samhandling, utan at enkelt individ har disiplinerande makt. Menneske i møte med andre individ skaper ein relasjon, som gjev grunnlag for korleis makta utarta seg. Foucault forklarar at denne makta møter kvardagen, infiltrerast og blir utspilt i det skjule. Med dette meiner han at makta er vevd inn i samfunnets plan, nivå og mellom menneskjer, som gjere at den eksistera overalt. Denne maktforståinga viser at makta ikkje tildenes ein mektig, som gruppe eller instans, men at det er noko som oppstår i relasjonar og som stadig er i bevegelse (Mik-Meyer & Villadsen, 2007, s.25).

### 3.2 Relasjonskompetanse

Ein relasjon kan definerast som følelsane og haldningane to personar har for kvarandre (Lillevik & Øien, 2017). Mellommenneskelige relasjonar er til stede når det er gjensidig påverknad mellom menneskjer. Det vil sei at det den andre gjere, seier, føle eller tenker, påverkar kva den andre gjere, seier, føler eller tenker. Gjennom interaksjonsprosess vil kvaliteten av relasjonen oppretthaldast (Vaglum, 2008, s.15). Relasjonar kan variere med omsyn til fleire dimensjonar. Det er blant anna ein forskjell på nære relasjonar og overfladiske relasjonar i sosiale settingar. Nære relasjonar krevjar djupare tilknytning enn overfladiske relasjonar. Saklege og profesjonelle relasjonar og personlege relasjonar er ulike (Vaglum, 2008, s.16). I forhold til relasjonar i miljøarbeid eller med pasientar vil det vere vanskelig å ha ein rein sakleg relasjon, da denne type relasjon i arbeid òg kan ha sterke emosjonelle delar. Rollefordeling mellom personar i ein relasjon variera òg. Andre faktorar som spiller inn på relasjonar er samspillhistorie, kva forventningar man har når ein går inn i ein ny relasjon og internaliserte automatiske rollar ein har i ulike situasjonar, til dømes mektig-svak, voksen-barn. Nokre gangar kan det vere motsetningar på kva ein forventar og kva rollefordeling det blir, dette kan skape usikkerhet, konflikt og utfordring med samarbeid (Vaglum, 2008, s.16).

Sjølvinnsikt, kunnskap og kompetanse er viktig når ein driver med relasjonsarbeid. Ein må vere seg sjølv i yrkesrollen, og ha eit bevisst forhold til korleis eige personlighetstrekk kan påverke samhandlinga. Relasjonskompetanse utviklast igjennom heile yrkeslivet (Røkenes og Hanssen, 2010, s.8). Relasjonskompetanse dreiar seg om å ha ein god og hensiktsmessig måte å møte, forstå og samhandle med menneske vi møter i yrkessamanheng. Ein profesjonell fagperson med god relasjonskompetanse kommunisarer på ein måte som gjev mening, ivaretar den overordna hensikta med samhandlinga og som ikkje krenkar den andre. I denne settinga skal ein primært forhalde seg til brukarens behov og ikkje søke etter å dekke egne behov på bekostning av brukaren. Relasjonskompetansen er samansatt, og kompetansekrava endrar seg underveis i relasjonen og kontaktforløpet (Røkenes og Hanssen, 2010, s.8). Det er spesielt tre ting ein relasjonskompetent fagperson må ha fokus på, det er å etablere ein relasjon, vedlikehalde relasjonen ved å vere i stand til å stå i relasjonen over tid og avslutte relasjonen på ein god måte. Andre viktige faktorar ved relasjonskompetanse er forståelsen rundt ulike situasjonar, kulturar, sjølvinnsikt og empatiske haldningar (Røkenes og Hanssen, 2010, s.8). For å få til dette er det avgjørande at fagpersonen kjenner seg sjølv, forstår den andres opplevselsar og forstår kva som skjer i samspillet mellom seg sjølv og ungdomen. Det

forutsetter at ein møter ungdomen som eit subjekt, altså eit sjølvstendig og handlande individ, og viser respekt for den andres sjølvbestemmelse og integritet. Så istaden for å tenke at ein arbeidar med ein brukar, er det meir nyttig å vektlegge at ein samarbeida med dei (Røkenes og Hanssen, 2010, s.9). I likheit med Foucault sitt syn på at ein gjennom makt utviklar individ i forhold til bevisstgjerjing og haldningar, tar teori om relasjonskompetansen også opp dette. Det å ha ein bærende relasjon handla om å legge til rette for ein form for endring hos eit menneske. Det kan dreie seg om haldningar, opplevingar, tenking, følelsar og atferd. Fagpersonens viktigaste oppgåve er å opptre sånn at den andre fremmar læring, utvikling, bevisstgjerjinga, vekst og meistring. I yrker der ein jobber mot denne form for endring er kvaliteten på relasjonen mellom fagperson og brukar avgjørande (Røkenes og Hanssen, 2010, s.16).

Når ein hjelper og klient har ein relasjon, blir det kalla ein asymmetrisk relasjon. Kjenneteikn med asymmetriske relasjonar er at den eine parten har meir makt og myndighet enn den andre (Thornquist, 2009, s.29). Maktaspektet vil alltid vere til stede i ein asymmetrisk relasjon, men variasjonane av korleis ein forstår makt og korleis makt blir uttrykt og utøvd er store. Asymmetriske relasjonar kan vere basert på ulike former for makt og myndighet, og det kan forvaltes på ulike måtar. Sjølv om dette er ein profesjonell relasjon kan den pregast av likeverd og gjensidig anarkjennelse, men partane har ikkje same kompetanse. På denne måten vil eit kvart forhold med asymmetriske relasjonar vere basert på partanes ulike situasjon og kompetanse ved at den eine trenger hjelp, og den andre har den etterspurte kompetansen (Thornquist, 2009, s.30). Ein kvar relasjon med ulikhet i makt og myndighet innebære ein mulighet for hensiktsmessig bruk av makt, men òg muligheit for maktmisbruk. Den asymmetriske relasjonen blir skapt gjennom ein form for forhandlingar. Sjølv om lov- og regelverk regulerer samhandlingane, må partane forholde seg til kvarandres tankar om korleis rollene og relasjonen skal vere (Thornquist, 2009, s.30).

Det er til dømes forskjell på makta ein tannlege har i forhold til ein psykiater på lukka avdeling (Skau, 2010, s.86). For å plassere ein relasjon mellom hjelper og klient kan ein bruke ein modell der eine aksene utgjere makt og den andre hjelp. Modellen viser til eit koordinatsystem med fire ulike kategoriar; (A) mykje makt/ lite hjelp, (B) mykje makt/mykje hjelp, (C) lite hjelp/lite makt og (D) mykje hjelp og lite makt. Kategori A er til dømes ulike tvangstiltak utan særlig hjelpeeffekt, der relasjonen er prega av ubalanse mellom makt og

hjelp. I kategori B er det balanse mellom dei to dimensjonane, til dømes ved tvangsbehandling av klienter med misbruksproblematikk. Kategori C har også ein balanse, men på eit lavere nivå. Oppsøkande arbeid, rådgiving, rettleiing og andre førebyggjande tiltak kjem under denne kategorien. Det som er typisk for siste kategori, D, er at det er relasjonar som inngår i frivillig behandlingstilbod, der klient sjølv oppsøker hjelpar. Her er maktfunksjonen nær null, men i profesjonelle samanhengar vil den aldri nå heilt nullpunktet da ein kan komme opp i etiske dilemma som kan bidra til at ein bruker makta ein har i eit profesjonelt spekter (Skau, 2010, s. 88).

Arbeid som miljøterapeut blir beskrevet som ei berg- og-dal-bane. Det krevjar sjølvavgrensing og refleksjon når ein jobbar med barn som trenger relasjonar prega av nærleik. For å bygge denne type relasjonar må ein ha eit bevisst forhold på balansegangen mellom å vere profesjonell og samtidig gje omsorg. Når ein utsettast for verbale og fysiske truslar, trakassering og gjentakande provoserande handlingar kan ein kjenne på at barna utfordrar og presser på sånn at man får lyst til å vere slem tilbake (Gustumhaugen, Dønnestad & Steinkopf, 2017, s. 73). Miljøterapi er ein fagleg og planlagt terapeutisk virkning som bruker dei ressursane som er tilgjengelege i omgivelsane. Ein skal gjennom samhandling legge til rette for fysisk, psykisk og sosial utvikling, samt styrke brukarens eigenomsorg. Relasjon er eit viktig omgrep i miljøterapien. For å gje brukaren mulighet for utvikling må ein veksle mellom støtte og utfordring i ein terapeutisk allianse med fokus på anarkjennelse og respekt for brukaren sin verdi og integritet (Lillevik & Øien, 2017, s.78).

### 3.2.1 Terapeutisk allianse

Terapeutisk allianse er et omgrep som ofte brukast for å illustrere kvaliteten og styrken i behandlingsrelasjonen (Røkenes & Hansen, 2010, s.18). Alliansen betyr at miljøterapeut og brukar er saman om noko. Ein jobbar saman om same mål i lik retning. Dette gir følelse av fellesskap, og at miljøterapeut viser omsyn til brukaren som eit sjølvstendig og likeverdig menneske (Lillevik & Øien, 2017). Den terapeutiske alliansen består av det reelle kontaktforholdet og den irrasjonelle delen som oppstår ubevisst. Den ubevisste delen kan stå i vegen for ein god relasjon. Det rasjonelle delen av relasjonen omhandlar kontaktforholdet og samarbeid. Det går på følelsemessige band og tilknytningen terapeut og klient har. Terapeuten må vise varme, aksept, empati og takle utfordrande tilknytningar og følelsar. Terapeutens egne følelsar eller personlege utfordringar kan svekke handteringa av klientens og egne irrasjonelle reaksjonar (Vaglun, 2008, s.19). I denne type relasjon trengst det at klienten bidrar med

grunnleggande tillit, ønske om relasjon til terapeuten og er mottakeleg for empati. Sjølv om åtferda eller problema til klienten kan bidra til å utfordre denne type relasjon, er det viktig at terapeuten prøver å oppnå kontakt og ikkje la klienten avvise (Vaglun, 2008, s.19). Sentrale omgrep i den terapeutiske relasjonen er empati og anarkjennelse. Omgrepa er knytt til forståelse av den andre, og miljøterapeutens innleving og evne til å sette seg inn i ungdomens ståsted. Det går både på holdning og handling, som skal sikre at terapeuten ikkje brukar makt på ein måte som krenkar (Lillevik & Øien, 2017).

For å skape ein god relasjon og kunne gje omsorg er tillit og tilknytning viktig. For ungdom på barnevernsinstitusjon har ikkje barndomsåra nødvendigvis bestått denne type omsorg. Etter mine år i arbeid på barneverninstitusjon har eg lest bunker med saks- og helsedokument om ungdom som bur på institusjon, dei fleste er diagnostisert med reaktiv tilknytningsforstyrrelse. Reaktiv tilknytningsforstyrrelse er forårsaka av omsorgssvikt og/eller mishandling. Diagnosen kan komme til uttrykk på ulike måtar og i ulik styrke hos forskjellige ungdomar. Fellestrekket for ungdomane er at dei ikkje har gode erfaringar med tilknytning (Pettersen, 2020). I følge tilknytningsteori er barn avhengige av omsorgspersonar som ivaretar barnets behov, frå dei er født. Barn er på jakt etter trygghet og beskyttelse, for å få dette søker dei mot omsorgsgivarane. Foreldre skal vere ein trygg base for barna. Kvalitet på denne tilknytninga og graden av trygghet og tillit barnet har, kjem ann på omsorgspersonane sin tilgjengelighet og sensitivitet ovanfor barnet. Pettersen (2020, s.50) viser til at psykologen John Bowlby legger vekt på at på bakgrunn av samspillserfaringane barnet får frå omsorgspersonane dei fem første leveåra, dannar barna seg indre arbeidsmodeller. Arbeidsmodellane påverkar barnets oppfatning av seg sjølv, omsorgspersonane og forventingar barnet har til andre (Pettersen, 2020, s.50). Desse indre arbeidsmodellane gjere at barnet har ein tendens til å gjenskape innhaldet dei hadde i relasjonar i barndomen, i nye relasjonar gjennom livet. Så dersom barnet har erfaringar frå barndomen med avvising, relasjon-og tilknytningsbrot, uforutsigbarhet, kaos, utrygghet og mistillit til vaksne kan dei prøve å gjenskape relasjonar av same art, fordi dette gir ein trygghet for dei sidan det er denne type relasjonar dei er vant til (Pettersen, 2020, s.50). For å hjelpe barn med reaktiv tilknytningsforstyrrelse til å forstå både sine egne og andres følelsar er det viktig at dei vaksne lære barnet om ulike følelsestilstanda, kva dei heiter, korleis ein kan gjenkjenne dei og korleis dei bør uttrykkast. Vidare vil det vere betydningsfullt å rettleie barnet på korleis barnet kan regulerer, kontrollere og handtere følelsar, impulsar og åtferd (Pettersen, 2020). Som miljøterapeut eller fosterforeldre er det ein tidskrevande og utfordrande prosess å justere barnets indre arbeidsmodeller. I denne



prosessen kan den vaksne oppleve oppgitthet og frustrasjon, samt at relasjonen er prega av mistillit, utprøving og avvising. Barna er gode på å finne dei vaksne sine svake sider (Pettersen, 2020, s.52). Relasjonsarbeidet og oppbygging av tillit og trygghet kan vere utfordrande i denne type situasjonar.

### 3.3 Emosjonell prosessering og kognitiv teori

Traume betyr skade eller sår. Det vil seie at traume er den psykiske skaden som er forårsaka av ei hending, ikkje sjølve hendelsen (Bækkelund, 2018). Vald har potensiale for å bli ei traumatisk hending, der ein oppleve kontrolltap i ein situasjon og i ytters forstand kan frykte for eige liv (Isdal, 2014, s.146). Kva skade eit traume er varierer. Det finnes fleire teoriar og forståelsesmodellar som forklarar mulige prosesser på korleis erfaringar frå traumatiske episodar kan påverke tankar, følelsar og åtferd. Ein av teoriane er Edna B. Foas teori om emosjonell prosessering. Teorien tar utgangspunkt i at minner og erfaringar frå traumatiske hendingar lagrar seg ulikt i hjernen enn andre hendingar (Dyb & Jensen, 2019, s.20). Ei traumatisk hending er det ulike definisjonar på, men fellestrekk for dei fleste traumar er at situasjonen oppstår plutselig, er ukontrollert og overveldane. Situasjonen vekker følelse av hjelpelause og redsel, og er ofte ein trussel mot liv og helse. Det kan høyre til at personen blir alvorlig skada, og/eller at situasjonen rammer andre sånn at ein blir vitne til overgrep eller andres lidelse (Bækkelund, 2018). Opplevingar som dette oppbevares i eigne fare-nettverk som inneheld følelsemessige reaksjonar og oppfatning av trygghet og fare. Dersom noko i fare-nettverka blir aktiviert, aktiverast andre deler også. Eit bilde av flammer etter å ha vore i ein alvorlig brann, kan til dømes automatisk aktivere andre delar og styre åtferd med å prøve å undertrykke følelsemessige reaksjonar, og byte desse reaksjonane ut med fysiologiske reaksjonar som høg puls og skjelving. Etter traumatiske hendingar er det både ubevisste og bevisste situasjonar og omgivelsar som kan trigge denne type aktivering av fare-nettverket, på grunn av likskapstrekk rundt noko av det ein opplevde i situasjonen. Sidan det er utallege situasjonar som kan trigge aktivering av fare-nettverket, meiner Foa at traumatiske opplevingar kan øydelegge den grunnleggande tryggleiksfølelsen. Det kan forklare kvifor ein har auka fysiske reaksjonar som høg puls, på-vakt-reaksjonar, unngåelsesåtferd og at forvrengte opplevingar av fare i kvardagen oppstår (Dyb & Jensen, 2019, s.21). For emosjonell bearbeiding er det viktig at den utsette får snakka om og bevisstgjere eigne følelsar knytt til hendinga, og får ein samanhengande forståelse av opplevinga (Dyb & Jensen, 2019, s.21).

Anke Ehlers og David. M Clarks har ein modell som bygger på same tenking som emosjonell prosessering, men har meir fokus på korleis personens sjølvoppfatningar og mestringsforsøk påverkar symptomutviklinga. Denne modellen vert kalla kognitiv teori (Dyb & Jensen, 2019, s.21). To forhold som blir trukke fram i denne teorien er korleis minner om den traumatiske hendelsen bearbeidast og lagrast i hjernen, det andre er korleis den utsatte forstår seg sjølv og ens reaksjonar i tida etterpå. I følge kognitiv teori vil hendingar med overveiande frykttfølelse lagrast i hukommelsen med oppdelte minnebiletter. I likskap med emosjonell prosessering, blir det òg her påpeika at minna kan utløyast ufrivillig og ubevisst når ein opplever sanseinstrykk som minner om hendelsen, til dømes bileter, lukt, lyd og følelsar. Dette blir kalla traumepåminningar. Det andre fokuset i kognitiv teori er korleis opplevinga blir oppfatta og forstått, både i situasjonen og etterpå. Tankar og misoppfatningar av hendelsen kan føre til grubling etter hending (Dyb & Jensen, 2019, s.21). Dette kan vere misoppfatningar som hadde ein skulle gitt seg før, svart betre ved truslar, gått ut av situasjonen før, stått i den lenger. Tankane kan vere mangfaldige og oppfatninga av oss sjølv kan bli påverka. Ein kan til dømes vare flau eller skamme seg over eigne reaksjonar og oppførsel under den traumatiske hendelsen og begynne å tenke på seg sjølv som ein dårleg person. Dette kan føre til tilbaketrening, og motstand for å ta imot hjelp og støtte i etterkant av hendelsen (Dyb & Jensen, 2019, s.22). I etterkant av hendinga kan det førekomme skremmande gjenopplevelsar, til dømes mareritt eller flashbacks, og mange vil gjere kva som helst for å unngå liknande opplevingar igjen. Unngåelse av det som kan minne om hendinga vil forsterke vanskane og utfordrar opplevinga av kontroll over eige liv. Misoppfatning av hendelsen og konsekvensane i ettertid kan føre til uhensiktsmessige mestringsstrategiar og oppfatninga som opprettheld symptom og oppfatning om at verden er truande. Dermed havnar man i ein ond sirkel som er vanskelig å komme ut av. Fleire studiar støtter seg opp mot teorien om kognitiv teori, og viser til at det viktigaste for å få det betre i ettertid er korleis man handterer tida etter hendelsen og korleis man blir møtt og forstått av andre (Dyb & Jensen, 2019, s. 22).

#### Kapittel 4. Metode

Metode er ein framgangsmåte på korleis ein skaffar informasjon og kunnskap for å belyse ei problemstilling. Det er mange ulike metodar for å skaffe denne kunnskapen, men ein må velje den metoden som nyttar seg best for å skaffe informasjonen ein leitar etter (Dalland, 2012, s.83). I tillegg må ein vere bevisst på hensikta med forskingsprosjektet, samt eigne forutsetningar, ressursar, eigen forståelse og tilgang til informantar. Dette er alle faktorar som påverkar val av metode (Halvorsen, 2006 s.86).

#### 4.1 Planleggingsdel

Kjennskap til feltet påverkar val av metode. I dette studie er det brukt kvalitativ metode, som egna seg når målsettinga er å oppnå ein forståelse av sosiale fenomen (Thagaard, 2010, s.11). Når studie tar for seg tema og forskings spørsmål som avhenger av tillit mellom forskar og informant, er kvalitativ metode godt egna. Det gjeld òg tema det er lite forskning på og der ein treng openheit og fleksibilitet frå informantane (Thagaard, 2010, s.12). I eit kvalitativt studie blir data samla inn som ord innhenta frå få enhetar (Jacobsen, 2016, s.145). Kvalitativ metode søker dybde kunnskap og vektlegg betydning, i motsetning til kvantitativ metode som brukast når ein ønska å finne frekvens og utbredelse rundt eit tema. Dei viktigaste framgangsmåtene for å samle inn kvalitativ data er individuelle intervju, fokusgruppeintervju, dokumentundersøkelse, og observasjonar (Thagaard, 2010, s.17).

I dette forskingsprosjektet er det brukt opne individuelle intervju. Kjenneteiknet for metoden er at det er ein dialog mellom forskar og informant, dermed blir informasjonen som samlast inn uttrykt gjennom ord, setningar og fortellingar (Jacobsen, 2016, s.146). Den vanligaste intervjuforma gjennomførast ansikt- til- ansikt, men det kan også gjennomførast via telefon, e-post eller internett (Jacobsen, 2016, s.146). Intervju som metode eignar seg best når det er få enheter som skal delta, da metoden er tidskrevande. Det krevjast tid til planlegging med organisering i forkant med tid, sted, intervjuguide, osv. Samt er det tidskrevjande i ettertid da store datamengder skal analyserast og gjennomgåast av forskar. Metoden er god når ein vil undersøke kva enkelt individ seier, og kva den enkelte meiner om og korleis ein tolkar spesielle fenomen (Jacobsen, 2016, s.146).

Problemstillinga i dette studiet omhandlar korleis ein kan forstå miljøterapeutane sine erfaringar i miljøarbeid prega av vald og truslar om vald, samt korleis ein kan forstå relasjonsarbeidet. For å besvare problemstillinga har eg samla inn relevant data som seinare vart analysert. Data er materialet som er brukt i forskingsprosessen. Kva som betegnast som data er prega av korleis forskaren forstår observasjonar, utsagn, tekst og andre uttrykk ein har tilgang til (Thagaard, 2010, s.30). Materialet eg trengte i denne oppgåva var miljøterapeutar sine historiar, tankar og erfaringar rundt vald og truslar om vald, samt korleis dei opplev relasjonen til ungdomane. Intervju er godt egna for å innhente informasjon om andre menneske sin livssituasjon, perspektiv og synspunkt (Thagaard, 2010, s.87).

For å velje kven forskar skal hente informasjon frå må ein definere utvalet forskinga tar for seg. I kvalitativ metode blir det brukt strategisk utval, der ein vel personar som har eigenskap og kvalifikasjonar til å svare på det problemstillinga etterspør (Thagaard, 2010, s.55).

Problemstillinga i dette studiet handlar om miljøterapeutar sine erfaringar og tankar, noko som gjorde det avgjerande at det er miljøterapeutar eg har brukt som enheter i studiet. For å få tak i informantar avklarte eg først med leiaren på dei ulike institusjonane at det er greitt å bruke deira tilsette i denne studien, deretter kontakta eg miljøterapeutane.

Det var enkeltpersonars opplevingar eg var ute etter, og i forhold til tid og ressursar er det eit utval på ni personar. Eg hadde fokus på å avklare mi forskarrolle og var bevisst og klar på at eg ikkje forskar på vegne av bedrifta og/eller ledelsen. Utvalget er eit blanda utval av miljøterapeutar. Informantane er frå ulike institusjonar og arbeidsgivarar. Alle informantane jobbar på institusjonar der ungdomane er plassert på ein omsorgsparagraf. Som nemnt før betyr dette at åtferd og rus ikkje er hovudutfordringa når ungdomen flyttar inn, men kan vere gråsoner i den forstand at ungdomane òg kan ha åtferd- og rusrelaterte utfordringar. Over halvparten av informantane har erfaringar frå ulike jobbar rundt ungdomar, både på institusjonar med rus- og åtferdsplasseringar, på akuttmottak og psykiatrisk sjukehus. I intervjuet er det etterspurt erfaringar frå arbeidet på institusjonar med omsorgsplassering, da det kan vere forskjell på å jobbe med tvang og behandling, i forhold til omsorg. Dette hadde vore spennande å sett på forskjellen av erfaringar i dei ulike typar institusjon, men med tanke på oppgåvas størrelse ville det blitt for omfattande. Det er eit breitt spekter på informantanes alder og fartstid i feltet. Informantane er mellom 25-50 år, både menn og kvinner, samt er det 20 års forskjell i barnevernserfaring mellom den informanten som har jobba lengst og den som er ferskast i yrket. Informantane er miljøterapeutar, som betyr at dei har minimum tre års høgare utdanning innan sosialt arbeid, vernepleie eller barnevernspedagog. Det var eit bevisst val å ha ulikheit i alder, erfaring, arbeidsplass og kjønn. Først var tanken å presentere utsagna frå informantane med fiktive namn i oppgåva, men sidan det kan vere lettare å legge to og to erfaringar og historiar saman for eventuelle involverte partar, valde eg å ikkje skilje informantane med namn sånn at historiane og utsagna er uavhengige frå kvarandre. Det kan vere uheldig i forhold til å forstå heilheiten i erfaringane, men likevel valde eg å presentere det slik då det er viktig å ivareta anonymisering og etiske valg. I arbeid med analysedelen viste det ingen tydelege skilje på informantane i forhold til utdanning, kjønn og erfaring. Dermed virka det ikkje nødvendig å skilje informantane og historiane med navn og informasjon om informantane.

#### 4.2 Argumentasjon for val av metode

Det første ein må avgjere i val av metode er kva data ein treng. For å få svar på problemstillinga i denne oppgåva treng eg datamateriale som gir informasjon om miljøterapeutane sine erfaringar, tankar og følelsar rundt miljøterapi prega av vold og voldstruslar. Vidare måtte eg bestemme meg for korleis eg skal få tak i denne informasjonen, om det skal skje ved bruk av kvalitativ eller kvantitativ metode. Kvantitativ metode gir i større grad objektivitet og distanse, i forhold til nærleik og subjektive opplevingar som ein kan innhente ved bruk av kvalitativ metode (Kleven, 2002). I forskning rundt miljøterapeuten si oppleving rundt eigen arbeidsplass er eg ute etter dybdekunnskap, meir enn tall og mengder. Dette er med på å påverka mitt val i å bruke kvalitativ metode i staden for kvantitativ. Kvalitativ metode gjere det òg lettare å få tak i kunnskap som kjem undervegs i prosessen og gir forskar moglegheit for å følge opp denne kunnskapen med oppfølgingsspørsmål (Kleven, 2002). Ein anna fordel med kvalitativ metode rundt dette temaet er at det gir ein opning og fleksibilitet, der problemstillinga kan endrast eller konkretiserast tydeligare iløp av prosessen (Thagaard, 2010, s.12). Sidan det ikkje finnes så mykje forskning med akkurat denne problemstillinga, har dette vore med på å spisse forskinga etterkvart som eg fikk tak i informasjon og tankar rundt tematikken. Ein utfordring med å bruke denne metoden er at analyse og fortolking av materialet har stor påverknad på resultatet (Thagaard, 2010, s.111). Dette var eg observant på både under intervjuprosessen og i etterarbeid med analysen av datamaterialet. Korleis mitt fortolkningsperspektiv og analyse har påverka resultata i dette studiet kjem eg tilbake til under punktet om reliabilitet og validitet. Metoden er tidskrevande og omfattande, noko som kan gjere det utfordrande å generalisere svara som blir gitt under intervju (Jacobsen, 2016, s.87).

Dersom eg skulle brukt kvantitativ metode ville eg vinkla problemstillinga annleis og sett på hyppigheita av valdsepisodar og truslar om vald, samt kor lenge dette pågår før det skjer ein endring. Dermed ville ein kvantitativ undersøking med den tematikken gitt lite informasjon om ein kan forstå erfaringane til miljøterapeutane og relasjonsarbeid. For å svare på korleis ein kan forstå miljøterapeutane sine erfaringar av miljøarbeidet ville eg ikkje blitt tilfreds med mange og mindre omfattande svar enn i ein kvalitativ metode. Eit alternativ kunne vore å bryte opp problemstillinga, og undersøkt opplevingane i ulike kategoriar som vart undersøkt igjennom kvantitativ undersøking, men det ville ikkje gitt svara eg var ute etter da eg vil gå i

dybden og få fram tankar og følelsar gjennom setningar, ord og fortellingar som kvalitativ undersøking gir (Jacobsen, 2016, s. 146).

Over er det vist generelle moment for dei metodiske valga i studiet, vidare vil det blir sett på spesifikke moment for dette studiet og dei vurderingane som er tatt. I dette studiet tas det opp spørsmål om korleis ein kan forstå miljøterapeutane sine erfaringar med vald og truslar og korleis ein kan forstå relasjonsarbeidet. På spørsmål som dette vil det vere lettare å få eit opent og reflektert svar ved bruk av kvalitativ forskning i staden for kvantitativ.

Miljøterapeutane har tankar, erfaringar og opplevingar rundt dette temaet som eg ikkje kunne forutsjå, dermed var det gunstig å kunne begynne intervjuet med opne spørsmål i form av ein dialog.

Etter å ha tatt valet om kvalitativ eller kvantitativ metode, bestemte eg meg for korleis eg skulle utføre forskingsprosessen. Som nemnt er det ulike framgangsmåtar innan kvalitativ metode. Målet med studien var å få kunnskap om miljøterapeutane sine erfaringar i miljøterapi prega av vald og valdstruslar og blant anna kva følelsar dette temaet vekker i informantane.

Eg måtte òg ta beslutning på kva type intervju som eignar seg best, fokusgruppeintervju eller individuelle. Fokusgruppeintervju vil sei av ein samlar fleire informantar til ein samtale om eit eller fleire tema (Jacobsen, 2016, s. 159). Da eg tok eit val på å bruke informantar frå ulike institusjonar og bedrifter, ville det bli krevjande å samle informantane på same plass og tidspunkt for fokusgruppeintervju, versus at eg som forskar møtte informantane på sine arbeidsplasser eller andre plassar for individuelle intervju. Å bruke fokusgrupper dersom temaet er open vil kunne medføre ein stor spredning i synspunkta og det har ein tendens til å avspore. Dette kunne gjort analysen av data ekstra krevjande. Individuelle intervju gir òg større frihet til å snakke fritt om sine oppfatningar og meiningar utan å ta omsyn til andre (Jacobsen, 2016, s. 160). Studien har fokus på vold og truslar, som er sårbare tema. Dette er òg noko av grunnen til at eg valde å foreta individuelle intervju, ved bruk av den vanligaste metoden for gjennomføring som er ansikt- til- ansikt, der det var eit fysisk møte mellom forskar og informant. Denne forma for intervju bidreg til å etablere tillit og openheit, som ga god flyt i samtalen. Eg fikk òg observert informant under intervjuet, som bidrog til betre intervju og fokus. Det var fokus på at det skulle vere på plassar utan andre menneskjer rundt, for å få ein trygg og god atmosfære lagt til rette for openheit. Før intervjuet var fokuset på å skape tillit mellom forskar og informantane, for å bidra til at informantane følte seg ivaretatt og anerkjent, i håp om å få utdjupande svar. Svakheter med denne forma er at det er meir

kostbart og tidskrevende enn til dømes intervju via telefon og chat, der ein blant anna slepp reisetid (Jacobsen, 2016, s.148).

Når dette var bestemt måtte eg vidare tenke på kva struktur intervju skulle ha. Kvalitativ intervju kan utformast på ulike måtar. Det kan gjennomførast med lite struktur, noko som minnst om ein samtale mellom forskar og informant der hovudpunkta er bestemt på førehand. Denne uformelle tilnærminga gjev informanten moglegheit til å ta opp ulike tema iløp av samtalen, og forskar kan stille spørsmål til informantens tema (Thagaard, 2010, s.90). Det kan òg brukast ei intervjuform som er relativt strukturert, ved at spørsmåla er bestemt på førehand og rekkefølga av spørsmåla er fastlagt. Eller ein kan velje ei intervjuform som er ein miks av desse to ytterpunkta, der ein har delvis strukturert tilnærming. Her vil forskar ha tenkt igjennom ulike tema ein vil spørje om, men rekkefølga bestemmast undervegs. Styrker med delvis strukturert tilnærming er at forskar kan be informant om å fortelle, så kan forskar følge opp med oppfølgingsspørsmål undervegs, utan å vere avhengig av ein intervjuguide med fastslåtte spørsmål (Thagaard, 2010, s. 90). Eg valde delvis strukturert tilnærming i intervjuprosessen, då det ga opningar for informantane å ta opp tema og spørsmål eg som forskar ikkje kunne forutsett på førehand. For min del var det viktig å følge med på samtalen og ha oppfølgingsspørsmål som passar til det miljøterapeutane var opptatt av, med utgangspunkt i dette ville det vert unaturleg og forvirrande å ha ein fastsatt intervjuguide å følge under intervju.

Studiet omhandlar både erfaringar på valdeleg og truande åtferd og relasjonsarbeid, noko som gjere at observasjon òg kunne vore aktuelt å bruke innan kvalitativ metode. Observasjon kan brukast når ein er interessert i å registrere kva menneske gjere og ikkje kva dei seier at dei gjere (Jacobsen, 2016, s.165). Eg vurderte dette i tillegg til individuelle intervju, men konkluderte med at det ville vore vanskelig å observerte situasjonar med vald og truslar da det både skjer nokså spontant og det er unaturleg setting at nokon skal stå å sjå på at det skjer utan å vere aktivt involvert. Det kunne også oppfattast som invaderande i privatlivet til ungdomane eg hadde observert, samt at det hadde vore etisk utfordrande med tanke på at dei fleste som bur i barneverninsitutjson er under 18 år. Dersom eg hadde valgt å bruke observasjon, kunne det vore aktuelt på eigen arbeidsplass sidan eg da uansett er i situasjonane. Ulempa her er at eg som observatør ikkje skal involvere meg i situasjonen, noko som hadde vore uetisk og uhaldbart ovanfor makkeren på jobb og ungdomen eg arbeider rundt sidan ein er på jobb som miljøterapeut. Samt måtte informantane vore frå egen arbeidsplass, som kunne

påverka både analysen og studiet generelt sidan eg både har kjennskap til bebuarane og personalet frå før.

#### 4.2.1 Reliabilitet og validitet

To viktige ord i kvalitativ forskning er reliabilitet og validitet. Orda har ulike betyding, men begge gjelder studiens pålitelighet og truverdighet (Thaagard, 2010, s.198). Reliabilitet er i utgangspunkt eit spørsmål om ein anna forskar hadde komme fram til same resultat med bruk av same metode. Validitet er knytt til tolking av data, og om resultata frå forskinga representerer verkelegheita (Thagaard, 2010, s. 201). I forhold til reliabiliteten i oppgåva var det viktig for meg å skrive ord for ord i transkriberinga, sånn at eg kunne gå tilbake å sjå igjennom intervjuet når det vart jobba med analyse, funn og resultat. Eg hadde med ord som ehm, øh, hmm, samt la inn når informantene lo, hadde stille pause eller andre uttrykk som kan vere relevant for analysen.

Under analysen og tolking av data var eg bevisst min eigen forforståelse, og hadde fokus på å analysere det informantane sa, ikkje mine egne tankar om tematikken. At eg har jobba innan same yrke som informantane og stått i liknande utfordringar dette studiet tar opp påverka nok analysen i form av at eg ikkje er heilt nøytral. Mine erfaringar klarer eg ikkje å nullstille, men eg har hatt fokus på det og prøvd så langt det lar seg gjere å unngå at analysen og tolkinga skal bli prega av mine tankar rundt tematikken.

I forhold til overføringsverdien og at det er representativt i verkelegheita omhandlar dette tema som går individuelt på enkeltes opplevingar og erfaringar. Under intervjuet var det ein del likskap i svarene til informantane, noko som gjere at ein kan anta at studie har rot i verkelegheita, til tross for at det er individuelle forskjellar på kva miljøterapeutar erfaringar og korleis dei opplever situasjonane og relasjonane.

#### 4.3 Gjennomføringsdel

Etter å ha avgjort tema og problemstilling starta prosessen med å finne eksisterande forskning på området og relevant teori. For å finne forskning og teori vart det søkt i ulike databasar for å finne litteratur. Når teorigrunnlaget var konkretisert starta arbeidet med å finne informantar. For å få tak i informantar spurte eg ulike leddarar og miljøterapeutar om tips på kven av personalet i ulike bedrifter som var utsatt for vald og truslar på arbeid. Etter å ha fått informasjon om ulike informantar med tanke på blant anna alder, kjønn, geografisk plassering, erfaring og utdanning vart det tatt ut eit varierende utval av informantar. Det var



ingen miljøterapeutar som vart spurt som ikkje ville bli intervjuar, men to av informantane sa dei følte dei ikkje var utsatt for nok vald. Eg valde å ta dei med, da eg tenker all type vald er relevant i denne studien. Det var ikkje eit mål i finne dei verste historiene i feltet. Då arbeidet med å hente inn informantar starta, såg eg trend i at dei fleste miljøterapeutane jobba i medleverturnus og at det var utfordrande å finne informantar med vanleg tredelt-turnus. Dermed har alle informantane i denne studien medleverturnus, som betyr at dei bur på jobb saman med ungdomane. I medleverturnus jobbar ein to-fire døgn, med påfølgande sju døgn fri. Derav kjem ordet 'friveke' som blir nemnt i nokre av intervjuar, og betyr dei sju døgn med fri mellom vaktene.

Thagaard (2010, s. 106) skriv at betyding av intervjuarens kjønn kan spille ein rolle, ved at til dømes intervjuar og informant er kvinner er det grunnlag for ein felles forståelse. Informanten kan påpeike dette fellesskapet med setningar som «du som dame...». I intervjuprosessen opplevde eg ikkje forskjell mellom mannlege og kvinnelege informantar. Både eg og informantane er miljøterapeutar i barnevernsinsitusjon. Det kan vere tenkeleg at denne fellesforståelsen trumfa likskap og ulikskap i kjønn i denne studien. Å skilje mellom miljøterapeut og forskar var det fokus på i gjennom studiet, både i intervjuprosessen, analyse og drøfting, men at det har noko påverknad er rimeleg å tenke. Det viktig at forskar har god kjennskap til informantens situasjon og miljø, slik at forskar er fortrulig med språklige uttrykk og metafor som er typisk for informantens miljø og kultur (Thagaard, 2010, s.132). I forhold til nokre ord og uttrykk informantane brukte, som til dømes friveke og makker, var det ein fordel at eg sjølv er i same fagmiljø for å forstå informantens betyding av ord som dette.

For å få all informasjon eg trengte lagde eg ein intervjuguide (sjå appendix nr 3) før intervjuprosessen. Denne vart brukt som eit hjelpemiddel for å halde den raude tråden, men vart ikkje brukt slavisk. Det var ulikt kor opent informatane fortalte, så det varierte i kor stor grad eg brukte intervjuguiden. Under intervjuar var det viktig for meg å ha fullt fokus på informaten for å få gode datamateriale og at informaten skulle føle seg sett, hørt og trygg i samtalen. For å gje informaten denne følelsen, vart det brukt prober. Det er kommentarar og tilbakemeldingar forskar gjev informaten undervegs, det kan vere spørsmål og kort respons som hmm, mhm, augekontakt eller nikk (Thagaard, 2010, s.91). For å få informantane til å beskrive følelsar, opplevingar, påverknadar og reaksjonar vart det brukt spørsmål som «korleis opplevde du..», «kan du fortelle..» og «korleis reagerte du på..». Målet med den type spørsmål er å få meir nyansert informasjon frå informant (Thagaard, 2010, s.92). Bruken av

augekontakt var ulikt frå intervju til intervju, då eg observerte informanten og tolka om han/ho var komfortabel med augekontakt eller ikkje. Nokre likte betre å sjå ut i rommet enn på meg, under intervjuet. For å tydeliggjere informatens meiningar og haldningar, som er viktig for tolkninga av datamaterialet, kan ein spørje om konkrete beskrivelsar av episodar (Thagaard, 2010, s.92). Dette vart gjort med spørsmål om informant kunne beskrive og fortelle om ein episode eller periode dei var utsatt for vald og truslar på jobb.

For å halde fokus på samtalen og informantane tok eg opp samtalanane på ein bandopptakar utan å ta notater. Informantane fikk eit informasjonsskriv før intervjuet der dette vart opplyst om. Før intervjuet starta forsikra eg meg igjen om at det var greit at eg tok opp intervjuet på bandopptakaren. Dette er ein bandopptakar utan bluetooth og internett-tilgang, noko som beskyttar både forskar og informantar mot at innhalde skulle bli spredd. Like etter intervjuet starta transkriberinga, og opptaka blei umiddelbart sletta etter dette. Når eg transkriberte nummererte eg intervjuet, samt laga fiktive namn og fargekodar på informatane for å ha kontroll på kven som sa kva. Når transkriberinga av alle intervjuet var gjort, systematiserte eg intervjuet etter tema. På dette dokumentet vart det brukt fargekodar for å halde kontroll på kva svar som tilhørte kven.

Etter analysedelen var gjort, fann eg ut det ville vere gunstig med påfyllande svar rundt nokon av temaene. Dermed tok eg kontakt med informantane igjen, og spurte om å få ein intervjurunde til. I denne runden vart informantane blant anna spurt om å fortelle om den verste og den mildaste episoden av vald dei var utsatt for. Nokre hadde allereie i intervjuet nummer ein fortalt om den verste, så dei fortalte om nokre mildare episodar òg. Grunnlaget for å ta ein ekstra runde med intervjuet var å få meir konkret informasjon og å få fortalt om ulike senario sånn at det vart ein fyldigare drøfting av funna. Samt vart ordet forståelse lagt til i problemstillinga, noko som gjorde at eg trengte noko meir informasjon. Informantane var samarbeidsvillige og stilte opp til runde to. Dei fleste av informantane avslutta første intervjurunde med å sei at eg kunne ta kontakt om det var noko meir eg lurte på.

#### 4.4 Analysedel

For å analyse datamaterialet må ein ta stilling til om resultatane skal rette seg mot sentrale tema i studiet eller om det skal omhandle personar. I dette studiet er det valgt temasentrert tilnærming. I denne tilnærminga er temaer i fokus, og analysar av datamaterialet er gjennomført ved at forskar samanliknar informasjon frå alle informantar innan kvart tema

(Thagaard, 2010, s.147). Samanlikninga gjev ein djuptgåande forståelse på kvart tema. Noko av kritikken på kvalitativ analyse, er på teamsentrert tilnærming på grunn av at når delar av tekstar frå ulike informantar samanliknast på den måten, blir utsnitt lausreve frå den opprinnelege samanhengen. For å behalde heilskapen må informasjonen frå dei enkelte intervju settast inn i samheng og tema der utsnittet av teksten er ein del av (Thagaard, 2010, s.171). For å utføre ein analyse med temasentrert tilnærming, blir teksten inndelt i kategoriar. For å avgjere kor detaljert beskrivelsane i kvar kategori skal vere er, må ein vurdere informasjonen det gir innan same tema. Det er både fordeler og ulempar med få og mange kategoriar. Med mange kan det blir uoversiktlig, men med få kan deler av datamaterialet gå tapt. For å få ei god analyse er det viktig å ha system (Thagaard, 2010, s.172). I dette studiet vart alle intervju transkribert kvar for seg i første omgang, med tema og kategoriar som undertitlar ved ulike spørsmål. Etter å ha transkribert alle intervju vart datamaterialet frå alle informantane delt i avsnitt og samla i ulike kategoriar. Det vart delt inn i fem kategoriar strukturer utifrå intervjuguiden, desse er informantanes egne definisjonar, opplevingar med vald og truslar, påverknadar, relasjonsarbeid og arbeidsmiljø. Det var òg brukt fargekodar og fiktive namn, for å enkelt finne tilbake til den opprinnelege teksten. Eg var òg bevisst på at eg kopierte, og ikkje klipte ut, avsnitt. Slik at det under heile analyseprosessen var eit originaldokument med intervju i sin heilheit. Ein fordel med temasentrert tilnærming er at når intervjuet eller informantens situasjon ikkje blir presentert i sin heilheit, er det lettare å behandle anonymiteten sidan det er vanskelegare å kjenne seg igjen eller kjenne igjen andres historier (Thagaard, 2010, s.187).

Problemstillinga omhandlar korleis miljøterapeutar erfaringar kan forståast og korleis relasjonsarbeidet kan forståast. Dei ulike kategoriane som er valgt i analysen av datamaterialet er valgt for å få brukt informasjonen frå informantane til å svare på problemstillinga. Derfor har eg valgt å dele inn i dei kategoriane sånn eg har gjort. Informantane sine egne definisjonar på kva vald, truslar og truande åtferd kan gje meg informasjon på holdningar, tankar og erfaringar miljøterapeutane har hatt. Det er òg viktig for meg å vite at vi snakkar om det same, dermed hjalp det å få informantane sine definisjonar. Under kategorien opplevingar med vald og truslar spurte vart informantane spurt om å fortelle om opplevingar og situasjonar dei har stått i på arbeid i barnevernsinstitusjon der det var vore vald og truslar. Her var eg interessert i både den verste og den mildaste episoden dei har vore i med vald og truslar. Etterfølgt av det reflekterte informantane over korleis det har påverka dei, og kva dei opplever som verst av å stå i situasjonar versus å vente på at noko skal skje.

Dei to siste kategoriane går på arbeidsmiljø og relasjonar. Grunnen til at det vart med ein kategori om arbeidsmiljø, som ikkje er ein del av problemstillinga, var å få eit overblikk på korleis arbeidsmiljø er med på å medverke påverknadane og reaksjonane miljøterapeutane har når det oppstår situasjonar på arbeid med vald og truslar. Samt å sjå om informantane tenkjer at debrief har innverknad på korleis dei taklar situasjonane. Under relasjonar var det fokus på kva informantane anser som ein god relasjon, kva erfaringar dei har med påverknadar på relasjonen mellom tilsett og ungdom etter hendinga med vald og truslar og kva relasjon dei hadde med ungdomane som utøvde vald og truslar.

#### 4.5 Vitenskapeleg ståstad

Forståelse av informasjonen som innhentast blir utvikla igjennom prosessen med forskingsopplegget, og ein må vere bevisst på den forforståelsen forskar har med seg inn i prosjektet. Fenomenologi søker etter djupare mengingar i enkeltpersonars erfaringar og tar utgangspunkt i subjektive opplevingar (Thagaard, 2010, s.38). Dette gjenspeiler det eg er ute etter i denne oppgåva, då eg undrar meg over miljøterapeutane sine individuelle erfaringar, slik fenomenologien beskriver. Innan fenomenologien forstår ein fenomen ved å bruke informantanes perspektiv og beskriver omverden med erfaringane dei sitter på (Thagaard, 2010, s.38).

Hermeneutikk og kritisk teori har stor betydning for eit studie med kvalitativ metode, då fortolking har stor plass i denne tilnærminga (Thagaard, 2010, s. 41). Alle former for kvalitativ metode er forankra i hermeneutikk, der sjølve omgrepet betyr å tolke eller fortolke. Denne vitenskapsforma handlar om å fortolke og forstå, der forståing blir brukt som metode. Gjennom å fortolke og forstå andre personars uttrykk og utsegn, søker ein forståing av informantanes indre opplevde erfaringar rundt fenomenet (Thomassen, 2007, s.160). I en hermeneutisk tilnærming finner vi sannheten gjennom å fortolke fenomena på ulike nivå, i staden for å tenke at forståelsen avslører den eigentlege verkelegheita. Eit prinsipp ved hermeneutisk forståing er at ein kun finne meining ved det man studerer ved å sette delane saman i ein heilhet (Thagaard, 2010, s.39). Eg tok utgangspunkt i miljøterapeutane sine tankar og erfaringar, som vidare vart drøfta igjennom oppgåva sin teoretiske heilhet. Det fenomenologiske er det miljøterapeutane fortel, og det hermeneutiske er tolkinga mi som tilleggast fenomenologien. Ved bruk av fenomenologi og hermeneutikk i kvalitativ metode, kan eg sjå etter ein djupare meining på miljøterapeutane sine erfaringar i arbeid på barnevernsinstitusjonar med vald og truslar.

Studien belagar seg på ein kombinasjon mellom naturalisme og emosjonalisme. Innan naturalisme vil forskar få tilgang til verden via informanten sitt eige perspektiv. Informantane sine utsagn blir avgjørande for å synleggjere forskar sine konklusjonar. Her fokusera ein direkte på kva-spørsmål, eller på innhaldet i det informanten fortel (Ryen, 2002, s.62). Dette eignar seg godt på spørsmål om faktiske forhold, der miljøterapeutane sine utsagn representerer sanninga og det ikkje er behov for fortolking. På spørsmål rundt miljøterapeutanes erfaringar og følelsar vil det bli lagt hovudvekt på emosjonalisme. Emosjonalisme har fokus på både forskarens og informantens følelsar, og datamaterialet inkluderer på denne måte forskaren sin respons til dei som blir studert (Ryen, 2002, s.67). I forhold til naturalisme som tar utgangspunkt i språket, går ein i emosjonalisme på innsida med fokus på subjektets følelsar. For å oppnå dette må forskar etterspør fortrulegheit (Ryen, 2002, s.67). I eit tema som dette rundt miljøterapeutane sine erfaringar, vart det ein del fortolking frå mi side mens eg snakkar med intervjuobjekta, sidan verbalt språket ikkje alltid gjenspeilar det ein tenker og fortel.

Vår forståelse blir forma igjennom eit historisk perspektiv. Den er forma av førestillingar og tankar vi har frå fortida og vil prege forskingsprosessen på en måte forskar sjølv skaper. Vår forforståelse er knytt til erfaringar vi ikkje alltid er bevisst på, dette er noko ein må reflektere rundt i eit forskingsprosjekt, for å kunne tolke og analysere data på rett grunnlag (Thomassen, 2007, s.87). Som utdanna sosionom og års erfaring i barnevernsinstitusjon med barn og unge som utøve vald og truslar er min forforståelse, mitt grunnlag og mine synspunkt påverka av dette. Samt element frå min personlege, sosiale og kulturelle bakgrunn (Thomassen, 2007, s.87). Eg har vore bevisst og reflektert over mi rolle som forskar og min intensjon med dette prosjektet for å oppnå best mogeleg resultat.

#### 4.6 Egen forskarrolle/etikk

Det første som vart gjort i forskingsprosessen var å lage ein prosjektplan, for så å søke til NSD (Norsk senter for forskingsdata) om å få lov til å gjennomføre prosjektet, intervju og oppbevare datamaterialet frå informantane. Når godkjenninga frå NSD var på plass begynte prosessen med å finne informantar og gjennomføre intervju.

Sidan studiet tar for seg arbeid i barnevernsinstitusjonar, som er eit felt eg sjølv jobbar i, har eg av etiske grunnar brukt informantar frå andre institusjonar enn den eg jobbar på sjølv.

Dette for å unngå uheldige relasjonar mellom meg og kollegar. Temaet er sensitivt og sårbart, så det var viktig for meg å ivareta informantane. Det kan òg tenkast at informantane ikkje vil framstå som skjøre og engstelege, dette er følelsar eg la til rette for at var trygt å vise.

Som nemnt innledningsvis har eg sjølv stått i situasjonar med vald og truslar i arbeid som miljøterapeut, noko som har prega meg. Dette er eg bevisst på og har prøvd i den grad det er mulig å legge vekk i arbeid med denne studien. Eg har hatt fokus på det under intervjuet at eg skulle ha opne spørsmål der eg ikkje skal peile informantane inn på svar eg sjølv ville svart i eit tilsvarande studie. Dette er òg ein bevisstheit eg har hatt med meg i analysedelen og under drøftinga. Dersom ein forskar stillar ledande spørsmål, eller gjentar spørsmål når ein ikkje er fornøgd med svaret på kan bidra til at ein insinuerer at informanten bør svare noko anna og gjerne det intervjuar sjølv ønsker (Thagaard, 2010, s.95). For å ikkje påverke informantar på denne måten er spørsmåla nøye gjennomtenkt.

Det er viktig å understreke at denne oppgåva trekker fram og fokuserer på vald blant ungdom, men det er på ingen måte eit forsøk på å framstille og stigmatisere alle ungdommar på institusjon som voldelige og truande. Ungdommar på institusjon er ulike som alle andre menneskjer. Det er ikkje sånn at alle ungdommar på barnevernsinstitusjon er valdelege eller truar med vald. Det heller ikkje min hensikt å få fram det verste i ungdommar, men i denne forskinga er det vald og truslar som er fokuset. Det er heller ikkje sånn at ungdomane informantane jobbar med er voldelege heile tida, eller at alle ungdomane dei har jobba med har utøvd vald og truslar.

For å ivareta informantane har kvar enkel informant informert samtykke, og kan til ei kvar tid trekke tilbake samtykket om deltakelse utan negative konsekvensar for informant.

Konfidensialitet er eit nøkkelord i kvalitativ forskning, da det er viktig at informantane ikkje kan gjenkjennast ved at all informasjon som kan sporast tilbake til informant blir anonymisert (Thagaard, 2010, s.27). Vidare har eg vore bevisst på kva konsekvensar det kan vere for informant å delta i studiet, og at behandling og oppbevaring av personopplysningar blir gjort på ein etisk og forsvarleg måte (Thagaard, 2010, s.24). Alle sitat eller utsagn frå informantane er direkte framstilt på nynorsk, uavhenging av kva dialekt informantane har. Dette er valg som er gjort for å anonymisere informantane i sin heilhet, og for å ikkje kunne gjenkjenne historiane utifrå dialekt eller knytte informantane og ungdomane til landsdelar. Utsagn frå

informantane er notert ordrett, bortsett frå ei endring ved at sitata i nokre tilfelle er oversatt frå dialekt eller bokmål til nynorsk i oppgåva.

## Kapittel 5. Presentasjon av hovudfunn

I dette kapittelet vil hovudfunna frå intervjua blir presentert. Først i kapittelet vil det bli ein generell introduksjon til opplevingar informantane har omkring vald og truslar. Vidare i kapittelet blir det vist til spesifikke typar opplevingar og erfaringar rundt vald, truslar og relasjonsarbeidet.

### 5.1 Miljøterapeutanes erfaringar med vald og truslar

For å få eit innblikk og kjennskap til miljøterapeutars tankar og opplevingar rundt tematikken i studiet vil det bli presentert utdrag frå nokon av intervjua. Grunnlaget for å presentere kva informantane tenkjer er truande åtferd og vald er for å gje eit innsyn og auka forståelse rundt det informantane kan oppleve på jobb. Informantane hadde nokså like forklaringar på truande åtferd. Ein informant forklare truande åtferd og truslar på denne måten:

«Verbale truslar er truande, men berre når det er av ein karakter som eg føler eg kan ta på alvorlig. Ikkje dersom eg føler at det lomper ut midt i en ordflom. Dersom det gestikulerer og setter blikk i ein, og det er noko i sjukdomshistorikken deira som tilseier at det er noko dei er kompatible til å gjere, så hadde eg følt meg trua i ein sånn situasjon».

Andre ting som gikk igjen blant informantane på kva som opplevast som truande er når truslane går personleg og direkte mot deg som person eller familien din. Samt opplevast det truande med rusa ungdomar, aggressivt kroppsspråk, skriking, roping, fysiske utageringar, verbale og fysiske truslar. Nokre av informantane meiner det var forskjell på kva dei oppleve som truande i forhold til kor stor fysisk avstand det er mellom ungdomen og seg sjølv når situasjonane skjer, til dømes at det ikkje er truande dersom ungdomane skrik og kasta ting når avstanden er stor, men når ungdomane beveger seg mot informantane er det truande. I forhold til skriking og roping var informantane noko ueinige i kor truande dei synes dette er. Nokre av informantane meiner ein må tåle denne type åtferd i arbeid på barnevernsinstitusjon, mens andre opplev dette som truande. Ein informant beskrev kva han opplevde som truande på denne måte:

«Det kan vere både non-verbalt og verbalt. Eg tenker det primært handlar om signaler og kva relasjon man har. Så i høg grad handlar det om min evne til å lese andre sine signaler, som igjen er i stor grad knytta opp til relasjonen».

Informantane fikk spørsmål om kva dei definerte som vald. Samtlege av informantane definerte vald som både psykisk og fysisk vald. Informantane sine definisjonane av psykisk vald og truslar er nærliggande. Dermed meiner dei fleste informantane at truslar er ei form for vald. Nokre tok med fysisk utageringar som vald, mens andre meinte det var forskjell på vald og utageringar. Ei av informantane med lengst erfaring innan barnevern, definera vald på denne måten:

«Tidligare definerte eg ikkje vald før det var fysisk, men dei siste åra har det blitt meir ein tanke for meg at det er vold òg med alle truslane, skriking, truinga. Det er jo forsåvidt vald det også, i ein miljøterapeutisk situasjon».

Ein anna informant beskreib det på denne måten:

«Så lenge man har ein intensjon om å skade nokon så er det vald for meg, men om nokon kaster noko i veggen, så tenker eg ikkje at det er vald. Da tenker eg det er utagering, men om nokon går direkte på meg eller kaster ting direkte på meg eller andre er det vald».

Fysisk vald vart definert som slag, spark, lugging og kveling. Dei fleste av informantane fortalte at dei synes psykisk vald er verre enn fysisk vald. Dette utsagnet vart underbygga med blant anna denne forklaringa

«Ungdomen psykar deg ned som person. Du går eigentleg rundt på allerten heile tida for det kjem så mykje truslar. Du går eigentleg rundt å er redd heila tida, er påkobra. Det kan vere truslar om kva dei skal gjere med deg, med dei du er glad i og sånne type ting».



### 5.1.1 Ulike episodar med vald og truslar

Under intervjuet vart informantane spurt om å fortelle om ein episode eller periode dei har opplevd vald og/eller truslar frå ungdomen på barnevernsstusjon. Samtlege av informantane fortel at dei har stått i fleire episodar med både vald og truslar. Alle har opplevd truslar i ulike formar og valdshendingar. Alvorlegheitsgraden på både valdshendingane og truslar er varierende. Det er òg eit stort sprik i kor prega informantane har blitt av episodane. Nokre føler seg ikkje prega i det heile tatt, andre har fått post-traumatisk stresslidelse, angstanfall og utfordring med søvn og livsgnist.

På spørsmål om å fortelle om valdsopplevelse på jobb var det overraska mange som påpeika at dei var blitt spytta på og at dei synes dette var verre ein å få eit slag. På spørsmål om den mildaste valdshendinga syns informantane det var vanskelig å svare, men nokon drog fram seksuell trakassering eller berøringar, til dømes massasje eller at ungdomane strøk dei på låret i forbifarten. Det vart påpeika at dei ikkje oppfattast dette som vald, men at dei valgte å ta det med fordi det er ga ein avmaktsfølelse og eit ubehag.

Ein informant fortalte om ein situasjon der ungdomen sto foran ho og onanerte. Denne informanten hadde opplevd å bli slått og stått i utallige utageringar med same ungdom, likevel fortalte ho om dette som ein av dei verste opplevingane ho hadde med vald og truslar. Dette begrunna ho med at dersom han hadde slått eller gått til angrep på ho kunne ho ha handla, ved å til dømes avverge det med å halde av ungdomen. Vidare fortel ho at i ein situasjon der ungdom står naken og onanerer framfor deg vil ein ikkje fysisk ta på personen, samt at det er vanskeligare å handtere ting som har med seksualitet å gjere sidan det kan vere tabubelagt. Ein vil ikkje gje ungdomane eit unormalt syn på seksualitet, spesielt sidan nokre av ungdomane har vore utsatte for seksuelle overgrep.

Det er variasjonar i historiar informantane valde å fortelle om. Ein av informantane sa han var i ein situasjon med ein ungdom som hissa seg opp og slo vedkommande ein gang for så å gå vekk frå situasjonen. Han sa dette var det mildaste han hadde opplevd av vald og truslar, fordi ungdomen tydelig ga seg etter det eine slaget, dermed miljøterapeuten opplevde ingen frykttfølelse i situasjonen sidan den var så fort ferdig. Andre fortel om situasjonar der ungdomane truar over telefon, til dømes at dei ringer å ber om å bli henta og truar med kva som skjer viss ikkje miljøterapeuten kjem. I situasjonar som dette når truslane skjer over telefon fortel ein informant om ubehaget du har ved at du ikkje veit kva som møter deg når du

hentar ungdomen. Fleire fortel òg at bilkjøring kan vere utfordrande då ungdomane på lik linje med truslar over telefon, truar med kva som skjer om ikkje informantane køyre dit dei vil. Ein er innestengt i ein bil, til dømes dersom hendinga skjer i fart på motorveg. Eine informanten fortel om at ein ungdom trua med å drepe ho ein gang ho og ungdomen var ute å kjørte. Ungdomen hadde både tatt tak i bilbeltet til informanten, og prøvd å sette fyr på setet hennas mens ho kjørte.

Nokre av informantane skil mellom verbale og non-verbale truslar. Tre av informantane fortel om 'det svarte blikket' og forklarar dette som at blikket blir heilt svart, stivt og at ein kun ser pupillen i auga. Blikk, kroppsspråk og berøring er nemnt som non-verbale truslar. Alle informantane fortel om verbale truslar der dei både har blitt trua på livet og trua med å bli skada. Nokre fortel om at ungdomane kasta og knuse ting, som til dømes glas og tallerkar. I ulike situasjonar kan det førekome at informantane har måtte gå inn fysisk og halde fast ungdomane for å unngå skade på seg sjølv eller ungdomane. Nokre av informantane formidla at dei synes dette er ubehageleg og at det blir rapportert som tvang. Etter situasjonar der ein må fysisk halde eller stoppe ein ungdom må miljøterapeutane skrive ein tvangsprotokoll som blir sendt til fylkesmannen og barnevernstjenesten. Ungdomane har innsynsrett i protokollen og kan velge å klage på det som vart gjort. Informantane har varierende erfaringar med om ungdomane vil klage, eller i det heile tatt sjå protokollen, men det er jamt over sjeldan ungdomane vil dette. Ein av informantane fortalte at ungdomar kan etterspør å bli stoppa eller haldt, og at nokon ungdomar oppleve det som hjelp når dei blir så sinte at dei ikkje klarer å handtere eigne følelsar og reaksjonar på gode måtar. Vidare fortel ein anna informant at når vald, hovudsakleg slag og spark, kjem i ein situasjon der informantane må holde, ta fysisk kontroll over ungdomen eller ha nedlegging av ungdomane, regner informatane ikkje det som vald. Eine informanten forklarte det ved at når det kjem spark og slag i desse situasjonane handlar det sjeldan om at ungdomen vil treffe eller skade informant, men at ungdomen prøvar å komme seg laus.

Tre av informantane har fortalt om sterke reaksjonar i ettertid av hendingar og periodar med vald og truslar. Det har vore posttraumatisk stresslidelse (PSTD), angstanfall, søvnløysenetter og psykologtimar. Desse informantane har vore involvert i episodar som har vore eller blitt opplevd som livstruande. Informantane fortel at når dei mista kontrollen over eige liv oppleve dei ein maktesløsheit der dei er avhengige av andre for å bli redda. Ein informanten fortel at han vart angrepet av ein ungdom, og formidlar at han er usikker på om han hadde

klart seg om det ikkje var for at kollegaen hans sto klar og greip inn. Episodane blir presentert for å få innsikt i kva som skjedde og korleis valdshendingar kan vere så øydeleggande for relasjonsarbeidet og miljøterapeuten at dei måtte slutte i arbeidet på institusjonane det gjeld. Ei av dei fortel at ho jobba med ei jenta som var veldig sjuk, ho var kronisk suicid og sjølvskada. Denne informanten formidla dette:

«Jenta trua over mange månadar med å true familien min, barna mine og meg sjølv. Det er kanskje noko av det tyngste på en måte. Ho var utagerande, voldelig og grenseløys òg forsåvidt. Ho unne ta stolbein og lage våpen, komme med knivar og ja. Eg har òg vore utsatt for drapsforsøk».

Ein anna informant fortel at han hadde gått med ein ubehagelig magefølelse i fleire månadar, dette hadde han også tatt opp med leiinga og sagt at han meinte dei burde bemanne opp til to personal med ungdomen igjen sånn som bemanninga var tidlegare med denne ungdomen. Han fikk lite forståelse for denne følelsen, og fortsatte å jobbe aleine rundt ungdomen. Ein dag han var på jobb hadde det vore lite kontakt med ungdomen, men ungdomen ville gå på tur i skogen saman om kvelden. Dette var noko dei pleidde å gjere. Allereie før turen kjente informanten på ein ubestemmelig følelse, utan at det hadde vore nokon direkte truslar, men han følte det var noko. Informanten syns det var noko med åtferda til ungdomen, og dette gjorde han aktivert. Undervegs på turen tar ungdomen fram nokon frå lomma. Først helde han det sånn at informanten ikkje ser kva det er, så han spør kva det er. Han viser at det er ein patron. Når informanten spør kvifor han har den, så svarer ungdomen med indirekte truslar, «du veit kva det er, du veit dette er siste advarsel». Det var vage kommentarar. Informanten prøver å forholde seg rolig og spør kva han har tenkt å gjere, og om informanten bør vere redd for at ungdomen skal gjere nokon noko, eller mot informanten eller seg sjølv. Ungdomen avfeiar dette. Informanten føler seg utrygg, og dei går tilbake til bilen. Ungdomen tar opp igjen patronen to gangar før dei kjem inn i huset og seier igjen at dette er siste advarsel og du veit kvifor. Da begynner informanten å ta det som ein direkte trussel, og snakkar med kollegaen sin og bakvakta. Kollegaen jobbar på same bygg, men med ein anna ungdom. Bakvakta er avdelingsleiaren til informanten. Dei blir einige om å ringe politiet for å informere, sånn at politiet er forberedt på at det skjer noko om dei ringe igjen seinare. Avdelingsleiaren svarer informanten med at dei har erfaringar med at ungdomen har kome med truslar tidlegare og vore sint tidligare, men at han da har komme i etterkant og sagt unnskyld. Det var sannsynligvis det som kom til å skje denne gangen òg i følge

avdelingsleiar. Etter samtalen med avdelingsleiaren følte informanten seg tryggare, men hadde ein følelse han ikkje har hatt før. I boligen var det ei leilegheit ungdomen budde i og ei personal-leilegheit. Når nattevakta kom vart ho oppdatert på dagen, men valde å gå inn til ungdomen og sjå film med han som ho pleier å gjere om kveldane. Informanten og kollegaen vart einige om å ikkje legge seg før nattevakta var komme tilbake i personal-leilegheita. Nattevakta kjem etter ein time og seier at ungdomen ønsker å snakke med informanten. Informanten er trøtt, sliten og tenker ungdomen vil sei unnskyld. Informanten går ut i gangen og vidare bort til døra tvers over gangen. Ungdomen kjem ut, han er svart i blikket. Informanten seier han aldri har skjønt kva folk meiner med at andre er svart i blikket, men no fikk han sett det sjølv. Vidare fortel han at dette skjedde:

«Ungdomen tok tak i håret mitt framme med ei hand, og drar meg ned. Eg skriker kva er det du held på med, også drar han fram noko frå lommen og begynner å slå meg i hovudet. Alt skjer veldig fort. Kollegaen min står bak døra og reagerer veldig kjapt og kjem ut i gangen. Ungdomen slepp meg, og kollegaen min får dratt med inn i leilegheita vår og låser døra. Ungdomen prøver å bryte seg inn døra vår, men klarer det ikkje. Når eg har summa meg litt ringer eg politiet. Dei kjem relativt kjapt ettersom vi har ringt i forkant. Når politiet kjem opp trappa, opnar eg døra og ser at ungdomen sitter med hendene på hovudet og er klar til å bli tatt. Det var veldig rart».

Etter informanten fortalte om denne episoden spurte eg vedkommande om korleis relasjonen til ungdomen var. Han fortalte at ungdomen hadde få relasjonar og valde vekk menneskeleg kontakt. Ungdomen var mykje på rommet og aleine. Ein månedstid før informanten fikk ein dårleg magefølelse, følte han at det var eit gjennombrot i relasjonen med ungdomen. Ungdomen begynte å opne seg meir opp og dei to kunne ta turane i skogen for å sitte å prate om ting på ein fin måte. Informanten fortel at han følte at det var på vei til å bli ein relasjon i det heile tatt, da han tidlegare ikkje hadde følt det eksistert nokon relasjon med dybde der. I etterkant av at informaten følte det var eit gjennombrot i relasjonen, fikk relasjonen mellom informant og ungdomen ein negativ utvikling. Informanten begynte, som tidlegare nemnt, å få ein dårleg følelse og sa til avdelingsleiaren at han meinte dei burde oppbemanne igjen til to personal med ungdomen. Når denne følelsen kom fortel informanten at han unngikk ungdomen på ein måte. Han unngikk å ha meir samvær med ungdomen enn det som var absolutt nødvendig. Noko som også gjorde at han unngikk å gå inn i viktige samtalar og å snakke om dei ubehagelege tinga som kunne skape ein reaksjon hos ungdomen. Informanten

fortel at han trur det er akkurat han ungdomen tok, var fordi dei hadde begynt å få ein relasjon der det var openheit om følelsar og tankar. Kanskje angra ungdomen på at han hadde sluppe nokon inn i det heile tatt. Etter episoden vart informanten flytta vekk frå den institusjonen, så han har aldri sett igjen ungdomen etter dette. Informanten fortel òg at han aldri hadde klart å gått tilbake på den institusjonen etter hendinga, da han var angstprega og redd etter hendinga. Han sleit med dette i lang tid etter hendinga.

Ein anna informant fortel om ein ungdom som truar ho over tid. På første vakta si på eit tiltak, var han eine ungdomen flørtande, tok håret hennar ut av strikken og ville pjuske ho i håret. Ho syns ikkje dette var grei og prøvde å sette ein stoppar for dette, men etter det vart han veldig ubehagelig. Ho beskriver han som sterkare og større enn ho. Ho fortel:

«Eg høyre at det er mykje styr nede i leilegheita, så eg går ned aleine og når eg kjem ned facetimer ungdomen med ei jente. Han kjem heilt opp mot meg og står å slår opp mot ansiktet mitt. Eg trur han kjem til å slå meg, men han gjere ikkje det. Plutselig tar han av seg buksa, står der og blottar seg for meg. Eg er aleine i leilegheita og veit at dei oppe ikkje kjem til å høyre meg om eg ropar på hjelp. Eg er syns det er kjempe ubehagelig for ho jenta er jo på Facetime, så ho ser alt det her. Han seier at eg ser på tissen hans og tar på tissen hans. Eg ba han ta på seg kledda igjen, og sa at eg kom ned for å sjekke at alt var greit. Så begynner han å hyle, rope, skriker og kjem imot meg, og praktisk talt dytter meg ut døra og smeller døra igjen. Når eg går opp igjen tenker eg ikkje så mykje over det, men eg kjenner jo at eg er kjempeaktivert inni meg. Eg er ganske skjelven og syns det er ubehageleg å gå ned dit aleine, men eg må gjere det sidan vi ikkje alltid er nok folk på jobb».

Ho fortel vidare om ei hending som skjedde med same ungdom seinare, ho huska ikkje om det var dagen etterpå eller neste vakt.

«Makkeren min hadde skjert opp kyllingfilet til middag, og eg sto og vaska opp kniven han hadde brukt. Så ser eg at ungdomen kjem opp og tenker faen, for vi har knivane innelåst på kontoret. Eg kjenner at stressnivået mitt auka grasalt når han kjem inn i rommet, for ja. Eg føler meg krenka for at han blotta seg for meg og at han millimeteren frå å slå meg i tryne og dytta meg ut døra. Ungdomen spør makkeren min kva vi skal ha til middag, før han kjem bort til meg. Eg tar kjøkkenhandkleet og tørker

kniven diskret og skal snu meg. Eg står innerst i rommet og må gå forbi han for å komme meg på kontoret. Han seier «få kniven». Eg spør kva han skal med kniven, og seier at vi er ferdig med matlaging no og at eg skal legge kniven inn igjen på kontoret. Han seier nei, og tar han handa si rundt mi og han er som sagt større og sterkare enn meg, så han styrer handa mi akkurat dit han vil. Då har han også kontroll på kvar kniven er, eg kan ikkje gjere noko. Eg er heilt rolig i situasjonen, og får sloppe handa mi, men han har jo kniven. Så tar han kjøkkenhandkleet og tørker hardt sånn at du hører den der knivblad-lyden og da står han mindre enn en halv meter ifrå meg og seier «det er så jævlig deilig med den lyden her» også ser han på meg og tar kniven opp mot sin egen strupe med knivbladet ut og drar den sakte over halsen mens han seier «det er så jævlig lett å skjere over strupen med den kniven her». Makkeren min står klar til å bryte inn, men sidan situasjonen fremdeles er rolig tenker makkeren min at det vil eskalere om han bryter inn. Eg seier ikkje så mykje på åtferda, og får til slutt kniven tilbake og får låst den inn på kontoret».

Denne informanten fortel at ho har reagert kraftig etter nokre av episodane. Ho følte seg aleine med lite støtte frå arbeidsgruppa og avdelingsleder. Informant fortel at ho har slete med søvnen, grått mykje, ikkje føler seg komfortabel med å vere aleine lenger, verken på jobb eller heime, og at ho i ein situasjon i bil mista følelsen i armane. Ho beskriv det med at ho mista all styrke i armane og følte musklane svikta. På spørsmål om relasjonar formidlar ho at det ho meiner kjenneteikner i ein god relasjon i miljøterapeutisk samanheng er at ein kan stå i relasjonen sjølv om det storma. At miljøterapeut og ungdom kan snakke om episodar i etterkant og bruke det for å bygge vidare på relasjonen, sjølv om det er tungt der og då. Vidare fortel ho at med denne ungdommen var det ikkje ein mogelegheit frå hennas siden på grunn av frykt og avsky. Ho synes det var vanskeleg å jobbe seg inn igjen i ein relasjon med ungdommen når han både blottar seg, tatt kniven frå ho og andre episodar som ikkje er nemnt her. Ho fortel at det var fullstendig øydeleggande og at ho var redd han. Å forhalde seg til ungdommen gjekk greit når dei var ilag, men ho følte ikkje det vart jobba miljøterapeutisk. Ho forholdt seg til han, men klarte ikkje jobbe på ein måte som gjenspeila at ho bryr seg om han, for det gjorde ho ikkje sa ho. Denne informanten vart flytta frå institusjonen etter ein periode.

Historiane over viser til uheldige utfall med både traumar hos miljøterapeutane og eit brot i relasjonar ved at miljøterapeutane bytta institusjon i etterkant av hendingane. Ei historie det vart fortalt av ein anna informant viser korleis hendingane kan bidra til vedlikehald og

utvikling av relasjon. Informanten fortel at ho arbeida rundt ein gut som sjølvskada mykje og var valdeleg mot miljøpersonalet. Ho formidla dette:

«Guten hadde berre budd nokon veker på institusjonen og vi var to personal med guten. Ungdomen kunne slå seg sjølv i hovudet, dunke hovudet i vegg og gå til angrep mot personalet. Det oppsto ein episode der ungdomen var heilt frå seg og klarte ikkje å handtere eigne følelsar. Han dunka hovudet hardt mot murveggen. Først prøvde eg å ta handa mi imellom murveggen og guten, mens eg snakka med han. Da gikk han til eit vindauge og dunka hovudet i veggen der. Eg sa han måtte slutte, eller måtte eg hjelpe han ved å halde han fast. Ungdomen fortsatte, no med enda hardare dunk. Eg gikk mot ungdomen og haldt han fast. Han ga motstand i starten. Det er ubehagelig å ta friheten ifrå nokon på denne måten. Det er òg ei etisk utfordring rundt dette, da det er definert som tvang når ein held ungdomane fast, noko ein skal unngå så langt det lar seg gjere. Men på same tid kan ein ikkje stå å sjå på at ungdomane skadar seg sjølv eller andre. Når guten vart rolegare slapp eg grepet, og han gikk på rommet. Guten grein og var sliten etter nesten ein time med uhandterlege følelsar og fysiske reaksjonar. Etter ei stund gikk eg opp på rommet til guten og snakka med han. Eg spurte om han visste kvifor eg måtte holde han. Han svarte at han visste det var fordi eg passa på han og var glad i han. Eg bekrefta dette. Etter hendinga merka eg at relasjonen vår var blitt sterkare, og han forhaldt seg meir til meg enn dei i personalgruppa som ikkje hadde vore i likande episodar med han. Vi hadde fine samtalar. Liknande situasjonar som den over skjedde fem dagar på rad, der eg måtte inn å halde han. I eine situasjonen der ungdomen slo seg sjølv, såg han på meg og spurte om eg ikkje skulle hjelpe han. Dette er to år sidan no og eg jobbar framleis med denne ungdomen. Han er sjeldan valdeleg mot meg eller seg sjølv no, men det kan komme truslar når han har det veldig vanskelege. Eg oppleve at vi har ein trygg og god relasjon med gjensidig tillit. Vi kan ha samtalar der vi mimrar om tida han flytta inn her og hadde det vanskeleg, dette føler eg er relasjonsbyggande».

Informanten for formidla historia over fortel òg at ho har jobba på institusjonar med ungdomar der ho har måtte slutte på grunn av frykt. Det ho trakk fram som forskjellar med episoden over i forhold til der ho måtte slutte er at ho med denne ungdomen visste at ho kunne forsvare seg sjølv uavhengig av andre dersom ho hadde stått i ein farleg situasjon. I tidlegare tilfelle har ungdomane vore såpass fysisk overlegen at ho ikkje hadde hatt sjanse

mot ungdomen aleine dersom ungdomen hadde prøvd å skade ho. På institusjonen beskrive over var det eit godt arbeidsmiljø der personalgruppa jobba saman og støtta kvarandre, i forskjell til andre institusjonane der personalgruppa var splitta i sine tankar og erfaringar rundt ungdomanes åtferd. Informanten legg til at det er motiverande og gir ein følelse av mestrings når ein ser at ungdomane utviklar seg, dette hjelpe på å halde ut i periodar det stormar.

### 5.1.2 Tida før og etter episodar med vald og truslar

Etter å ha fortalte om ulike hendingar som involvere vald og truslar trekker informantane fram at det er verre å vente på ei eventuell valdshending enn å faktisk stå i situasjonen. Alle utanom ein informant fortel at dei synes dette er verre. Dette forklarast med at i situasjonane kan ein løyse det, mens når ein ventar går man med høge skuldra og er på vakt. Grensesetting blir trukke fram av fleire informantar for å gje eksempel på når ein går i påvente av ein situasjon. Alle informantane har til dømes erfaringar med at ein tar internettet av om kveldane, noko som kan skape reaksjonar hos ungdomen, og i nokre periodar skape potensielle hendingar med vald og truslar. Før denne type grensesetting kan ein før det aktuelle klokkeslettet gå å vente og grue seg til kva reaksjon som møter ein. Ein informant påpeikar at interaksjonen mellom miljøterapeut og ungdom kan bli kunstig i desse settingane. Andre beskriv at det verkar som ungdomane inni mellom har behov for 'ein topp' før dei landar. Informantar fortel at det verkar som ungdomane kan ha behov for å få ut aggresjon gjennom fysiske reaksjonar som vald og utagering, før dei landar og stemninga endrar seg til rolegare. Det blir poengtert frå informantar at ungdomane på institusjon ikkje alltid har blitt grensesatt i barndomen, og på den måten ikkje taklar å forhalde seg til struktur og rammar i kvardagen, noko som kan forårsake desse episodane. Eine informanten fortel at ho trur ungdomane agerer som dei gjere fordi dei føler seg i ein avmaktssituasjon, der dei blir utsatt for ein makt frå miljøterapeutane, som gir dei ein instinktiv behov for å vere obsternasig eller avstumpa. Dette kan vere situasjonar der det blir eskalering og utageringar.

Andre beskriv at det som er verst med å vente på at noko skjer er at det er så mange usikre moment, du går på vakt og det tynger arbeidskvardagen. I motsetning til det informantane beskriv når situasjonane skjer. Da beskriver ein del av informantane at det går bra fordi ein må handle. Dei føler seg rolege i situasjonen, har adrenalin og fokusa på korleis dei skal handtere det. Det vekslar mellom å avverge ved å beskytte seg med armen, gi ungdomen rom til å roe seg sjølv, gå inn og stoppe ungdomen fysisk eller trekke seg ut av rommet ungdomen



er i. Andre fortel at dei har jobba i periodar der dei går i konstant frykt eller i vente på at noko skal skje, og beskriv at dette er øydeleggande både for livsgnist, motivasjon og søvn. Det blir lagt vekt på at ein fokuserar meir på å avverge situasjonar, enn å jobbe miljøterapeutisk med ungdomen i forhold til relasjon og utvikling.

Nokre fortel at dei i periodar som dette merka at dei unngår ungdomane så mykje som mulig, og kun gjere det som er absolutt nødvendig. Forskjellen på å vente på ein situasjon og sjølve situasjonen er tida. Informantar fortel at situasjonar kan vere fort over, men ventetida med ein dårleg følelse og høg puls kan gå over lang tid, både fleire timar og dagar. Dette kan òg gå utover friperioden til informantane, då dei kan bruke lang tid på å 'lande' etter jobb og bruke dagar på å gjere seg mentalt klar eller grue seg til ein skal på jobb igjen. Det er varierende kva informantane fortel om tida etter situasjonane. Nokre fortel om at dei har fått sterke reaksjonar i etterkant av episodane, til dømes gråt, søvnløse netter, skjelvingar og panikk. Desse reaksjonane kan komme både på jobb og etter informantane har gått heim frå jobb. Mens andre fortel at ungdomen er roleg og sliten etter situasjonane, og at det då er ei fin tid på institusjonen. Det er samanheng i at dei som har opplevd dei mest alvorlege situasjonane kjenner på ein frykt når dei innser at det har vore fare for liv og helse, mens i mindre alvorlege situasjonar vekslar mellom at miljøterapeutane kjenner på frykt, irritasjon og maktesløshet. I etterkant av situasjonar fortel fleire at det kan bli god stemning, at ungdomen blir sliten eller ungdomar trekker seg vekk. Situasjonane kan bidra til relasjonsbygging og fine stundar med samtalar.

### 5.1.3 Arbeidsmiljø

På spørsmål om korleis arbeidsmiljøet er fortel informantane at det er varierende. Dei fleste påpeikar at dei har opplevd både gode og dårlege arbeidsmiljø, både med tanke på makker, kollegaer og ledelse. Fleire informantar fortel at det er utfordrande når det er hyppig bruk av nye og ukjente vikarar, og informantane trekker fram at dei har erfaring med at hyppig bruk av vikarar skjer ofte på institusjonar med mykje valdsbruk og truslar. Det blir forklart med at dei faste blir utslitt, redde og er hyppigare vekke frå jobb både med eigenmelding og sjukmelding. Dermed auka også bruken av vikarar. Det kan òg førekome at vikarar ikkje orkar å stå i situasjonane over tid, dermed auka bruken av nye ukjente vikarar. Andre ting informantane trekker fram som krevjande i arbeidsmiljø er når ein har kollegaer som er 'bezzervisere', og som ikkje er lojale mot kollegaene sine. To informantar brukte ordet bezzerviser, og beskreib dette som kollegaer som kjørte sitt eige sololøp på jobb ved at dei til

dømes kunne komme med kommentarar på at det aldri skjedde valdsepisodar når dei var på jobb. Vidare vart det fortalt om holdningar som virka nedlatande og dømmande ovanfor andre kollegaer. Informantane forklarte at bezzerviserene kjørte sololøp ved at ein ikkje forhold seg til det som var bestemt av personalgruppa, men heller gjorde det dei sjølv ville. Dette meinte informantane var skadeleg for både ungdomane og arbeidsmiljøet. Andre sa dei nokre gangar følte dei måtte jobbe på akkord med seg sjølv og sine verdiar på institusjonar der ein var ueinig i ting som var bestemt i personalgruppa og planane for korleis ein skulle utføre miljøarbeidet med den aktuelle ungdomen. Nokre informantar sa at dei kunne føle seg aleine i ei personalgruppe, da dei uttrykte ei bekymring eller redsel ovanfor ungdomen og ikkje vart hørt og forstått. Andre fortel at dei har opplevd å bli møtt av avdelingsleiarar med at dersom dei synes det er for tøft bør dei kanskje finne seg eit anna yrke eller arbeidsplass.

Informantane trakk òg fram faktorar som utvikla arbeidsmiljøet ved at ein gjorde både miljøterapeutar og personalgruppa betre. Gjengåande omgrep som vart trukke fram blant informantane var til dømes tryggleik, anarkjennelse og samkjøring. Informantane sa at i gode arbeidsmiljø følte dei seg forstått, støtte og det ga ein «vi-følelse». Når ein ser situasjonar utifrå kvarandre sitt ståsted, istedenfor å tenke at det er ein fasit på ting, bidrar det til gode arbeidsmiljø. Ein informant forklarte det med at det som følast riktig for ein person, kan vere feil for ein anna. Det å bli spurt korleis ein har det og bli lytta til både generelt i arbeidskvardagen, men også etter hendingar var viktig for dei aller fleste. Det var to informantar som ikkje såg det store behovet for å snakke så mykje om korleis ein har det. Nokre sa at galgenhumor er viktig for eit godt arbeidsmiljø, sidan det er mykje dystert i arbeidskvardagen. Galgenhumor bidrar til motivasjon og positivitet i ei personalgruppe der det er mykje alvor ellers.

Samtlege informantane fortalte at dei synes debreif var nyttig, men at dei hadde vore på få debreifer. Uavhening av forskjellen i kor mange år informantane har jobb innan barnevernet har ingen av informantane vore på meir enn fem drebreifer. Nokre sa dei aldri hadde fått debreif eller kun hadde opplevd det ein gang. Ein informant trakk fram at ein ikkje skal vere prisgitt gode kollegaer for debreifing, men at dette var eit leiaransvar. Vidare trakk ein del av informantane fram at det var ofte kollegaer ein tok samtaler med i etterkant av hendingar, då det sjeldan vart organisert debreif med leiar tilstade. Ingen av informantane jobbar på plasser der dei synes debreif er godt nok innarbeida. Til dømes sa eine informanten at det kjem ann

på når ledelsen har tid, til dømes viss det skjer ei alvorleg hending ein fredag etter kl 16.00, må du vente til mandag før ein får debreif.

På spørsmål om kva som var viktig med debreif og samtalar med kollegaer svarte fleire at det var avgjerande for å legge frå seg situasjonen og få ein avslutning, både til fordel for personalet, men òg ungdomen. Andre påpeika at dersom dei ikkje fikk snakka om hendinga og avslutta den, tenkte ein mykje på det i ettertid. Det kunne vere tankar om kva ein burde gjort annleis og om ein hadde gjort noko feil. Vidare fortel informatane om at debreif og gjennomgang av hendelsesforløpet hjelp miljøterapeuten og resten av personalgruppa til å diskutere rundt hendingane og legge strategiar og planer for å hindre at det skal skje igjen. Som tidlegare nemnt fortel informatane at det er tungt å stå i påvente over tid og at psykisk vald er verre enn fysisk. Psykisk vald og ventetid på at noko skal skje er ting leiinga ikkje får med seg, da det ikkje nødvendigvis blir rapportert inn eller tatt alvorleg nok. Nokre av informantane trekker fram at dei synes at samtalar, debreif og andre møtestader for openheit burde vore betre organisert, òg utan at det har skjedd noko alvorleg.

#### 5.1.4 Relasjonsarbeid

Etter at informantane har fortalt om ulike opplevsalar og erfaringar rundt vald, truslar og arbeidsmiljø vart dei spurt om kva som gjorde at dei framleis velge å jobbe i denne type jobb. Dei fleste av informantane seier at dei framleis har denne jobben fordi dei har ein tanke om at ingen av ungdomane vil skade dei eller er onde personar, men at dei ikkje har lært seg andre verktøy for å handtere følelsar, sinne og frustrasjon. Eine informanten fortel at ho det aldri er kult å bli sparka og slått, men så lenge miljøterapeutane har ein grunntanke om at skjer fordi ungdomane har det vondere enn du, trur ho det ikkje går innpå deg på same måte som om ein tenker at ungdomane gjere det deg fordi dei er slemme.

Etter valdhendingar, truslar eller bruk av tvang viser informantane til at det har vore avgjørande å få snakka med ungdomen. Både for å sjølv forklare kvifor ein handla som ein gjorde og for å at både ungdomen og miljøterapeuten skal få ein forståelse på kva som skjedde. Alle informantane har opplevingar og erfaringar med at samtalar om det som har skjedd kan styrke relasjonen mellom miljøterapeut og ungdom etter episodar eller periodar med vald og truslar, dersom man taklar å stå i det og får snakka om det i ettertid. Dei tre informantane ein las om ovanfor som måtte slutte på institusjonen etter alvorlege valdhendingar har òg positive erfaringar med relasjonsarbeid i etterkant av valdsepisodar,

sjølv om dei måtte slutte å jobbe med ungdomane i dei gitte tilfella på grunn av frykt og traumar. Alvorlighetsgraden av valdshendingane eller påkjenninga av perioden med truslar og vald var så alvorleg at det vart brot i relasjonane.

Gjentakande hos informantane var omgrepet trygghet og tillit. Eine informanten forklarte at ein som miljøterapeut først måtte vekke tillit hos ungdomen, og i takt med at relasjonen utviklar seg kan ein be om det same tilbake. Det å vise at ein tørr å stå i situasjonane og at ein er der å rommar ungdomane både i situasjonen og i etterkant bidrar til auka tillit. Fleire trakk fram at ungdomane har ofte ein barndom prega av dårlege relasjonar, så terskelen for å definere noko som ein bedre relasjon er lav, men at ein må huske at det er forskjell på kva den vaksne og ungdomen ser på som ein god relasjon. Fleire informantar hadde fokus på at ein må òg huske at uansett kor god ein følar relasjonen er og kor glad ein blir i ungdomane, så er det ein profesjonell og asymmetrisk relasjon, som kan påverke styrken og kvaliteten i relasjonen mellom miljøterapeut og ungdom. Andre påpeikar at det å vere tydeleg, sette grenser og vise omsorg er viktig for å skape og vedlikehalde ein god relasjon.

Som nemnt kan valdshendingar skape brot i relasjonar, men det kan også styrke relasjonar. Fleire informantar fortel at dersom dei lar ungdomen agere sånn dei treng og i etterkant viser at dei er der for ungdomane, styrker dette relasjonar. I mange av tilfelle er det i situasjonar der enten ungdomen er fysiske mindre enn miljøterapeuten, det ligger ein solid relasjon i bunn og at det ikkje er fare for liv og helse ved dei fysiske reaksjonane ungdomane har. Informantane fortel at dersom ein er flink å forklare ungdomane kva du gjere, kvifor du gjere det og kva intensjonane dine er, til dømes i forhold til grensesetting, så kan det vere tillitsvekkande for ungdomen. Dette er forbeholdt at du har tid til å bygge ein relasjon, og ikkje at ungdomen sitter igjen med ein følelse av at det er urettferdig eller ikkje til deira eige beste. Dersom ungdomen sitte igjen med dei tankane kan det potensielt vere skadelege for relasjonen, fortel informantane. Fleire fortel òg at dei har gode trygge relasjonar med ungdomane, men at sinne kan ta overhand så ungdomane handlar på måtar dei ikkje ønsker. Mange av ungdomane har ikkje lært seg gode strategiar for å handtere eller gjenkjenne eigne følelsar, dermed kan det førekome episodar av vald og truslar mot miljøterapeutane. Nokre fortel òg at i fleire tilfelle kan ungdomar reagere sterkast mot miljøterapeutar dei kjenner best, mens dei aldri utøver verken vald eller truslar mot nye miljøterapeutar eller i utrygge relasjonar.

Eine informanten fortel at ho har jobba rundt ei jente som var valdelege, både mot personalet og seg sjølv. Eit år i etterkant av perioden som var prega av vald og truslar, hadde jenta spurt informanten om kvifor ho orka å jobbe der sidan ho hadde oppført seg så dumt ved å både bite, slå og sparke informanten. Informanten fortel at dette viser kor mykje nokon av ungdomane tenkjer over eigen åtferd. Vidare trekker informanten fram dette:

«Viss ein ikkje tar denne type samtalar kan det vere potensielt skadeleg for relasjonen og ungdomen. Om man berre lar det henge i lufta og late som ingenting i etterkant, ser eg for meg at mange ungdomar sliter med dårleg samvittigheit frå dei periodane eller episodane dei har hatt det vanskelege, og dei har gjort ting mot vaksne som dei egentleg er glad i og bryr seg om. Viss ein tar utgangspunkt i at dei har behov for utviklingsstøtte og støtte til å etablere god relasjonar, så er det jo viktig å kunne komme til nokon å beklage og prate ut om ting. Eg tenker at dette er vi miljøterapeutar som må påta oss ansvaret om å invitere til dei samtalane, da eg trur det kan vere vanskeleg for ungdomane å komme til oss».

Andre fortel at i etterkant av hendingar med vald og truslar lære ein seg å kjenne ungdomen betre, ein reflektera meir og finne strategiar for å unngå eller komme i forkjøpet på liknande hendingar i ettertid. Til dømes har eine informanten blitt innesperra på jobb av ein ungdom, i etterkant av dette er personen både bevisst og ubevisst strategisk med plassering av seg sjølv i rom. Fleire fortel at dei har blitt fråstjålet nøklar på jobb, og at dei seinare blir meir påpasseleg med tinga sine for å unngå denne type situasjonar. Når miljøterapeutane er eit skritt foran, klarer dei å handtere situasjonar betre. Dette skapar tryggleik for ungdomane, som igjen skaper moglegheit for å utvikle relasjonen og vise ungdomane at miljøterapeutane er trygge og forstå dei.

## Kapittel 6. Erfaringar og relasjonsarbeid prega av vald og truslar?

*I dette kapittelet vil hovudfunna bli drøfta opp mot dei teoretiske perspektiva som tidlegare er presentert for å besvare problemstillinga.*

### 6.1. Korleis kan ein forstå miljøterapeutane sine erfaringar med vald og truslar

For å forstå miljøterapeutane sine opplevingar med vald og truslar om vald er det fleire faktorar som spelar inn. Skau (2010) viser til at makt og hjelp er to ord som var sentrale i ein

profesjonell relasjon. Eine faktoren som har vore ulikt i situasjonar miljøterapeutane har opplevd er følelsen av å hjelpe ungdomane og følelsen av å ikkje komme til. Informantane fortel at dei har jobben som miljøterapeut fordi dei har eit indre ønske om å hjelpe, men at det er tungt når ein står i episodar og periodar med vald og truslar. Nokre informantar formidlar at valdshendingane kan komme av at ungdomane ikkje har lært seg følelesregulering, og at det miljøterapeutiske arbeidet går ut på å hjelpe og rettleie ungdomane på å lære og gjenkjenne følelsar. Som Pettersen (2020) viser til er dette ein prosess som er tidskrevande og utfordrande, da ungdom med tilknytningsforstyrrelse har vanskeleg for å forstå egne og andres følelsetilstand. Dei vaksne må lære ungdom om kva dei ulike følelsane heiter, korleis ein gjenkjenne dei og korleis dei bør uttrykkast. Vidare vil det vere betydningsfullt å rettleie ungdomane på korleis ungdomane sjølv kan regulere, kontrollere og handtere følelsar, impulsar og åtferd (Pettersen, 2020). Det gjenspeiler seg i informantane sin praksis med å snakke med ungdomane i etterkant av hendingar om kva som skjedde, kvifor dei handla som dei gjorde og at miljøterapeuten fortel om sine opplevsalar og følelsar i situasjonen. Informantane fortel at det å få lov å jobbe så tett på ungdomane, bidrar til meistring og motivasjon i situasjonar eller periodar ungdomen viser ei god utvikling og læring. Miljøterapeutane kan òg kjenne på meistring i forhold til egne reaksjonar og handtering av valdshendingar, truslar og eine følelsar og reaksjonar. Når ein klarer å behalde roen i situasjonar, og får støtte frå kollegaer i ettertid på at ein gjorde det rette og at kollegaene anerkjenner miljøterapeutanes følelsar og reaksjonar gir ein meistringsfølelse. Dette er grunnar for at miljøterapeutane held ut i arbeidet, òg i dei periodane det er tungt. Informantane har òg gode minner med ungdomane, og det kan gå lange periodar mellom kvar valdshending. Det å sjå positive resultat av miljøterapeutisk arbeid og relasjonsbygging motiverer miljøterapeutane. Miljøterapeutane veit at mange av ungdomane sjølv har vore utsatt for vald, truslar og andre, noko som gjere åtferda lettare å forstå. Dette kan bidra til at miljøterapeutane kjenner på eit behov og ønske om å hjelpe, meir enn at dei ser på valdshendingar som ein ond handling.

Pettersen (2020) skriv at i prosessen med å hjelpe ungdom å justere dei indre arbeidsmodellane kan dei vaksne oppleve oppgitthet og frustrasjon, og at relasjonen er prega av mistillit, utprøving og avvising. To av informantane, som har lengst erfaring, fortalte at dei følar seg litt kyniske av og til, og kan kjenne på det dei kallar ein behandlertrøttheit. Informantane er lei av å sjå at ungdomane igjen og igjen tok feil val. Pettersen (2020) skriv òg at ungdomane er gode på å finne dei vaksne sine svake sider. For å belyse dette kan ein ta for

seg episoden eine informanten opplevde med at ein ungdom trua ho over tid. Han både blotta seg for ho og tok frå ho ein kniv. Ein kan tenke at dette var ein form for utprøving frå ungdomen si sidan og at han fann hennas svake side med å finne ulike metodar som skremte ho. Til slutt vart ho så redd han at ho ikkje klarte å jobbe miljøterapeutiske rundt han, som igjen gikk ut over relasjonen. Dette kan bli ein ond sirkel, der ein ikkje kjem seg ut av sporet med truslar, utprøving og redsel. Breakwell (1995, s.25) formidlar at periodar med utprøving kan vere nødvendig for utvikling av eit terapeutisk forhold, men det er farleg når angrepas omfang og betydning blir undervurdert og ein feiltolkar motivet bak valden. Ein kan her tolke det som ein utprøvingsprosess, men i realiteten kan det vere starten på eit regulært overfall. Informanten vist til over fikk angst, og brukte heile friveka på å komme seg etter jobb og til å grue seg til jobb. Psykolog Per Isdal meiner det er viktig å erkjenne at ein blir påverka av jobb (Thorsen, 2017). Informanten erkjente dette, men kjente på ein manglande støtte frå avdelingsleiar og kollegar. Ettersom informanten visste at ungdomen var sterkare enn ho og at ho var redd for han, vart maktforholdet skeivt. Ungdomen styrte kvardagen med si åtferd, som ga informaten ein avmaktsfølelse.

Korleis samanhengar mellom makt og hjelp til uttrykk i miljøterapeutisk arbeid er varierende. I ein terapeutisk relasjon skriver Skau(2010, s.16) at makt og hjelp er nærliggande, da hjelper alltid har ein viss form for makt. Han skil mengda makt og hjelp i eit koordinatsystem. Miljøterapeutar har ein makt som skal bidra til at dei kan hjelpe ungdomane, mens når ungdomen i ulike situasjonar tar over makta, til dømes i ein valdshending der ungdom er aggressiv og sterkare enn miljøterapeut, kan ein referere til Max Weber sin definisjon av makt der ein bestemmer over andre og fratrar den andres friheit (Lillevk & Øien, 2017, s.15). Å bli utsatt for vald er ein avmaktsopplevelse, der ein ikkje klarer å unngå å bli påført noko ønskeleg. Avmaktsfølelsen vil varierer med ens mulegheit for å beskytte seg sjølv og tidligare erfaringar med likande situasjonar. Informanten som er eksemplisert her fortel at ho forhold seg roleg i situasjonen, men at ho reagerte med gråt og ukontrollert skjelving når ho var komme seg ut av rommet ungdomen var i. Ho sa òg at åtferda til ungdomen var fullstendig øydeleggande for relasjonen og at ho ikkje fikk jobba miljøterapeutisk. Dermed kan ein sei at i dette tilfelle var det lite hjelp, men heller ein relasjon som var prega av makt, der ungdomen styrte makta. Det enda med at informanten etterkvart vart flytta vekk frå institusjonen med denne ungdom og over til ein anna institusjon hos same arbeidsgivar. I forhold til Foucault sitt syn på makt skal den bidra til at ein kan hjelpe individ til egen-utvikling (Mik-Meyer &

Villadsen, 2007, s.18). I dette tilfelle var ikkje miljøterapeuten i posisjon til å hjelpe ungdommen.

Ein anna informant fortalte at han kjente på frykt dei gangane han hatt gått vekk frå ungdommen i valdelege eller truande situasjonar. Dette begrunna han med at dei gangane han hadde grepe inn, ved til dømes å halde ungdom eller avverge valden på andre måtar, hadde han fått avslutta situasjonar der og då. Når han gikk vekk frå situasjonar mista han styringa og føle seg maktesløs i den forstand at det var noko uavklart og uavslutta i relasjonen med ungdommen. Dette bidrog til at informanten ikkje visste kva som møtte han neste gang han gikk inn til ungdommen. Her kan ein tenke seg at ungdommen òg kjente på ein usikkerheit i forhold til neste møte med miljøterapeuten. I situasjonar denne informanten har stått i er det vekslende om ungdom er sint på miljøterapeuten, systemet eller andre personar som ikkje er tilstede. I situasjonar der informaten valgte å ikkje gå vekk frå ungdommen er det rimeleg å anta at informanten hadde følelse av kontroll, i motsetning til for eksempel informanten som vart utsatt for eit drapsforsøk. Det er individuelt korleis både ungdomar utøver vald og kva muligheit miljøterapeutane har å stå i mot valden. Nokre gangar avhenger det av når eller kvar hendingar skjer, om det er andre til stede og på den fysiske forskjellen mellom ungdom og miljøterapeut. Her kan ein trekke inn eine informanten si forklaring på kva truande åtferd og truslar var med at det må vere av ein karakter ho tar alvorleg, og at det ikkje er noko som kjem ut i ein ordfloam av ord. Ho la òg vekt på at om det var noko i historikken til ungdommen som tilsa at dei var compatible til å gjere noko, ville ho følt seg trua. Det viser til at det er individuelt kva ein oppfattar som truande, og kva ungdomane er i stand til å gjere.

Fleire informantar beskriv stressreaksjonar som søvnløyse og skjelving. Akutte psykologiske stressreaksjonar kan vere maktesløshet, frustrasjon, svekka risikovurdering, konsentrasjonsvanskar, problem med å tenke rasjonelt, redsel, frykt og panikk (Dale, 2020). Spesielt maktesløsheten fortel nokre informantar å ha kjent på i arbeid med vald og truslar på barnevernsinstitusjon. Dei veit ikkje korleis dei skal klare å hjelpe ungdomane. Miljøterapi består i å hjelpe ungdomane når dei har det vanskelig og å bidra til at dei kan takle sine egne følelsar. Miljøterapeutane blir maktesløse når dei ikkje klarer å hjelpe ungdomane, samt kjem følelsen av maktesløshet når miljøterapeutane er redde for seg sjølv eller at dei ikkje har kapasitet til å forsvare seg. Her kan ein sjå på to sider ved maktesløsheten. Den eine sida av maktesløshet er på individnivå der ein ikkje klarer å hjelpe ungdommen. Den andre sida er på systemnivå der systemet skaper følelsen av maktesløshet. Når ein ikkje klarer å hjelpe



ungdomen kan miljøterapeutane føle at dei sviktar både ungdomen og systemet da ein ikkje klarer å gjere arbeidsoppgåvene sine på ein god måte. Makteløshet og hjelpeløshet er to omgrep som står nært kvarandre. For å forstå denne følelsen kan ein sjå på Foucault si beskriving av den moderne maktforma som utviklande og produktiv, der ein til dømes gjennom pastorale maktformer får individ til å opne seg og snakke om sine indre tankar. Foucault viser til at det moderne velferdssamfunnet brukar teknikkar frå den pastorale ledelse, til dømes i terapi og sosialt arbeid, der individualiserande makt blir brukt for å lede og hjelpe individ. I forhold til det miljøterapeutiske arbeidet vil ein på den eine sida kunne kjenne seg igjen i denne måten å tenke på makt. På den andre sida fortel informantane om periodar med mykje valdsbruk og truslar der ein på eit punkt går på akkord med seg sjølv, då dagane går for det meste på å avverge valdssituasjonar eller planlegge korleis ein skal handle dersom det skjer noko, meir enn å ha fokus på miljøterapeutisk arbeid og relasjonsbygging.

Miljøterapeutane bryr seg om ungdomane og er glad i dei, og har eit brennande ønske om å hjelpe. Dermed kan den makteløsheten vere krevjande å kjenne på. Eine informanten belyste utfordringa med å tenke rasjonelt, og la til at ein kan ta avgjørsler som ikkje er så bra. Spesielt når du er veldig sliten og har gått i lang tid utan søvn og går i frykt, da mister du gjerne kapasiteten til å ta riktige avgjørelesar. Det samsvarar med det Dønnestad (2016) skriver om at det å gå i ein konstant frykt er intenst og krevjande. Det går utover tilstedeværelsen og konsentrasjonen, da energien til miljøterapeuten går på å forsøke å regulere frykta og ein organiserer seg for å unngå vald og truslar. Foucault (Mik-Meyer & Villadsen, 2007, s.17) belyser maktomgrepet som noko positivt og utviklande, meir enn tvang og undertrykkelse. Dette er i tråd med at miljøterapeutane kjenner på ein maktløshet når dei føler at dei ikkje klarer å tenke rasjonelt og ta rette avgjørelesar for å hjelpe ungdomane. Nokon informantar har òg nevnt at det er ubehagelig å måtte fysisk gripe inn i ein valdssituasjon og halde ungdomane fast til dei roar seg. I forhold til eine eksempelet frå praksis der ungdomen spurte om å bli haldt for å få hjelp, viser det at makt kan både vere til hjelp og tvang. Holding av ungdom blir definert som tvang i barnevernet, men ein gjere det òg for å hjelpe ungdomen til å ikkje skade seg sjølv eller andre. Foucault er kjent for sine kritiske analyser av korleis bestemte aspekter av det moderne menneskelivet er gjort til gjenstand for makt og kunnskap (Mik-Meyer & Villadsen, 2007, s.21). Det at miljøterapeutane syns det er ubehagelig å gå inn å fysisk stoppe ungdomane og frårøve ungdomane friheita på den måte er eit positivt teikn då dei tydelig ikkje ønsker å utøve makt med unødvendig bruk av tvang.

Når ein jobbar som miljøterapeut er ein ikkje kun ein hjelpar, men også den daglege omsorgsgivaren. Det er miljøterapeuten som står for den daglege omsorga ovanfor ungdomane, noko som i nokre situasjonar kan samanliknast med ein foreldre-relasjon. Dette kan vere ein av grunnane til at informantane formidla at åtferd av seksuell art, som seksuell trakassering og berøring blir trukke fram som det mest ubehagelege. I forhold til den seksuelle åtferda vart det varierende kva informantane sa om det. Nokre nemnte dette som den mildaste forma for vald, mens andre trakk det fram som den verste. Denne type åtferd er gjerne forbunde med følelsar som krenkelse, meir enn frykt og redsel, og det kan likheit med vald og truslar gi ein følelse av avmakt. Det same gjeld opplevingar som spyting og der avføring var innblanda, mange av informantane fortalte at dei synes det var verre enn slag. I forhold til at miljøterapeutane synes å bli spytta på er verre enn å bli slått, kan ein forstå det med at krenkelse er ein verre følelse å kjenne på enn avmakt og eventuell smerte. Valdshendingane kan komme i affekt frå ungdomane, mens spyting ikkje blir forstått som ein fysiske reaksjon for å få ut aggresjon. Spyting opplever informantane som ein kontrollert nedverdiggande handling frå ungdomane si side.

#### 6.1.1 Påvente av valdshendelse

Dønnestad (2016) belyser at sjølve valden eller den fysiske smerten ikkje nødvendigvis er det verste, men det å gå med viten om at det kan førekome og det å ikkje vise når det skjer kan vere verre. Dette samsvarar med informantane sine utsagn om at dei synes det er verre å gå i påvente av vald enn å faktisk stå i situasjonen. For å belyse eit perspektiv at dette vil det bli vist til eit eksempel om ein forskar som observerte bebuarar i ulike boligar. Tina Luther Handegård har i sin doktorgrad gjennomført eit studie av kva betydingar lovreglene om bruk av makt og tvang overfor psykiske utviklingshemmande kan få i det daglige omsorgsarbeidet. I dette studiet brukte ho observasjon som metode. Handegård (2005) påpeiker ho at hennas eigen redsel og frykt forstyrra forskerrolla. Ho var inne i ulike boligar som forskar, og beskriver at før ho har gått inn i ulike boligar har ho fått informasjon om åtferdsutfordringane i boligane, korleis ho bør bevege seg, at ho i nokon boligar bør ha strikk i håret og caps på hovudet, at ho ikkje bør gå for nærmt beboer da ho kan risikere å bli spytta på. Handegård (2005, s.87) forklarar at informasjonen ho fikk før ho kom inn i boligane og måten det vart formidla på har i enkelte tilfelle bidratt til at ho som forskar har følt på ein form for redsel og frykt som har forstyrra forskerrollen hennas og at ho har vore angstprega og grua seg for å gå inn i nokon av boligane. Poenget med å ta fram dette eksempelet er å få fram kor påverka du kan bli av informasjon og andres fortellingar.

Det er forskjell på å vere forskar og miljøterapeut, da både forventningar, relasjon og rollene er heilt ulike. På den eine sida er det forståeleg om forskar får større fryktfølelse enn miljøterapeutane, da forskar er på ukjent territorium, ikkje kjenner ungdomen eller har noko form for relasjon til verken ungdom eller dei tilsette. På den andre sida kan forskar trekke seg ut av situasjonen når som helst, da forskar ikkje har noko form for ansvar for verken ungdom, institusjonen eller kollegaer. Dermed kan det i nokre tilfelle vere tenkast at det er sannsyneleg at det er større frykt hos miljøterapeutar i denne type situasjon, fordi dei har eit ansvar og ikkje nødvendigvis kan forlate situasjonen om frykta tar overhand. Miljøterapeutane har både ansvar for at ungdomen ikkje skadar seg sjølv og kan ikkje gå ifrå kollegaer i ein valdssituasjon, etisk sett. Dette kan vere ein av grunnane til at alle informantar unntatt ein seier at påvente av ein valdssituasjon er verre enn å faktisk stå i det. Det at ein har tidligare erfaringar sjølv, eller har hørt frå andre, korleis situasjonane kan vere påverkar ein. Når ein står i situasjonar får ein adrenalin, som kan svekke nokon av følelsesregistrert vårt. Dette adrenalinet har ein ikkje når man får fortalt av andre kva dei har opplevd, noko som kan bidra til at det er verre å få fortalt om episodar eller tenker tilbake på episodar du har opplevd versus å stå i det der og då.

#### 6.1.2 Korleis påverkar arbeidsmiljøet miljøterapeutanes opplevelsar?

Relasjonskompetanse er ikkje kun viktig og avgjerande i det miljøterapeutiske arbeidet med ungdomen, men òg i forhold til kollega og arbeidsmiljø. Røkenes og Hansen (2010, s.8) viser til at ein person med god relasjonskompetanse kommuniserer på ein måte som gjev mening, som ivaretar den overordna hensikta med samhandlinga og som ikkje krenkar den andre. Når ein miljøterapeut har stått i skremmande valdshendingar fortel dei om viktigeita av å bli forstått og lytta til. Her kan ein dra parallellar til relasjonen mellom miljøterapeut og ungdom. Ungdom som kjem på barnevernsinstitusjon har ofte, om ikkje alltid, opplevd traumar som gjere at dei blir plassert der. Det kan ha vore både enkelthendingar og utfordringar over tid. Det viser til at ungdomen og miljøterapeuten kan trenge det same; støtte, forståelse og anerkjennelse. Foucaults omgrep mikromakt er sentralt her, da det framstår i relasjonar og utøvast med vekslende spill av krefter, motkrefter og strategiske avvegingar. Dermed variera makta frå situasjon til situasjonar. I eit arbeidsmiljø er det ulike individ, med ulike følelsesregister, erfaringar og verdiar. Om ein informant har hatt det vanskeleg i ein situasjon, som gjerne har skapt følelse av frykt og avmakt, vil avmaktsfølelsen forsterkast om miljøterapeuten blir møtt med at ein bør finne seg ein anna jobb om det er for tøft å stå i

denne jobben. Kommenterar som dette kan skape ei ujamn maktfordeling i arbeidsgruppa, då ein ikkje tør å vere open om kva ein føler og har opplevd. Dette gjeld også kommentarar informantar kom med i forhold til bezzervisere som sa at det aldri skjedde likande hendingar på deira vakter. Foucaut viser til at sosialarbeidarar ikkje handlar fritt sidan dei må forholde seg til sosialtjenesteloven, men at ein er underlagt tidens sannhetsgeime og handlar dermed utifrå det som er rett her og no (Høilund & Juul, 2015, s.60). Dette viser til at det som er rett ein tirsdag med ein miljøterapeut, ikkje nødvendigvis er det som følast rett fredagen etterpå med ein anna miljøterapeut. Dette kan skape ulikheter mellom miljøterapeutane, både i miljøterapien rundt ungdomen og i faglege diskusjonar. På den eine sida er det bra med ulikheitar hos miljøterapeutane, sånn at det framstille seg sjølv som subjekt og enkelt individ. På den andre sida kan ulikheitane hos miljøterapeutane vere forvirrande for ungdomane og vere vanskeleg å forhalde seg til, som kan påverke utøving av vald og truslar da det blir ein usikkerhet. Sjølv om ein ikkje kan få heilt like miljøterapeutar, sidan alle er unike individ og ikkje robotar, er det viktig for både ungdom og arbeidsmiljø at ein arbeidar mot same mål.

## 6.2 Korleis kan ein forstå relasjonsarbeidet

Både miljøterapeutane og ungdomane er aktørar innan eit system av strukturell makt. Strukturell makt innebære ein maktutøvelse som er skjul bak ulike strukturar, som reglar, lover og normer (Dahl, 2019). Miljøterapeutane er underlagt ein overordna statelig styring som dei på best mulig måte må forhalde seg til samtidig som dei ser den enkelte ungdomen som eit sjølvstendig individ. Sett frå disiplinære maktutøvelse er ungdomane på den eine sida satt i kategorien 'barnevernsbarn' og er på ein institusjon med strukturell makt. Mens på den andre sida kan ungdomane sjå på miljøterapeutane som eit ledd i barneverns-systemet og kategorisere dei som 'barnevernet', meir enn av det er enkeltindivid som ønsker å hjelpe dei. Dette kan forklare noko av valdsbruken og truslane som systemvald, da ungdomane agerer mot systemet og personen som dei anser som systemets ansikt. Denne forklaringa kan både vere relevant i starten av ein plassering på institusjon, da ungdomen ikkje kjenner nokon av miljøterapeutane og ikkje har relasjon til dei. Men det kan likefult vere ei forklaring på reaksjonar ungdomar får på vedtak frå barneverntjenesten eller Bufetat, som igjen går utover miljøterapeutane sidan det er dei som er i tilstede i ungdomens kvardag. Når valden går mot miljøterapeuten direkte kan det bli forklart på eit individnivå, til dømes i historia der ungdomen kun var valdeleg mot den miljøterapeuten som fikk eit gjennombrøt i relasjonen og i etterkant vart utsett for eit drapsforsøk. Det kan òg vere miljøterapeutar som triggar ungdomar med blant anna veremåte, utsagn eller som aktivarar gamle minner og fare-

nettverket. Dette kan skje både bevisst og ubevisst, og forklarast som nemnt tidlegare at i mellommenneskelege relasjonar påverkar menneskjer kvarandre, da handlingar til den eine parten påverkar handlingane til den andre. Fare-nettverket kan påverkast av både av lukt, lydar og andre sansar som er ubevisste, dermed kan det vere vanskeleg for både ungdom og miljøterapeut å vite kva som gjere at ein reagerar. Dette er òg beskrevet som ein del i ein terapeutisk allianse, der det reelle kontaktforhaldet og den irrasjonelle delen oppstår ubevisst og at denne ubevisstheten kan stå i vegen for ein god relasjon (Vaglun, 2008, s.19). For å motbevise ungdomane om at miljøterapeutar kun er ein del av eit system, som ungdomane potensielt misliker, er det viktig å skape ein god terapeutisk allianse og relasjon. Miljøterapeuten må vise varme, aksept, empati og handtere utfordringar knytt til tilknytning og følelsar. Men òg ungdomen må bidra med tillit og ønske om relasjon til terapeuten (Vaglun, 2008, s.19). Dette samsvarar med det eine informanten trakk fram om at miljøterapeuten først må vekke tillit hos ungdomen, og i takt med at relasjonen utviklar seg kan ein be om det same tilbake.

Det handlar ikkje kun om at ungdomen må ha tillit til miljøterapeuten, men det gjeld òg den andre vegen. Nokre av informantane formidla blant anna at dei synes det er utfordrande å jobbe rundt ungdomar som minnar om tidlegare ungdomar som har utøvd vald. Dette sa informantane kan vere likhetstrekk som kroppsform, kroppsspråk og verbalt språk. Her kan ein trekke inn Foas teori om emosjonell prosessering, som forklarar mulige prosesser på korleis erfaringar frå traumatiske episodar kan påverke tankar, følelsar og åtferd (Dyp & Jensen, 2019, s.20). På den eine sida kan emosjonell prosessering gjere det utfordrande for informantane å arbeide med ungdomar som minnar om dei som har utsatt dei for alvorleg vald. På den andre sida kan òg fare-nettverket enkelt bli aktivert når ein framleis jobbar med den ungdomen som har vore valdeleg eller truande, ved at liknande åtferd som har skjedd tidlegare vil føre til at miljøterapeuten får ein følelsemessige og fysiologiske reaksjonar. Desse samsvarar med det informantar fortel om at dei kan ta avstand frå ungdomar som er eller har vore valdelege, og at dei er så lite som mulig saman med ungdomane. I desse tilfelle fortel informantane at det går utover det miljøterapeutiske og relasjonen, ofte grunna ein følelse av frykt i samvær med ungdomane det gjeld. Når dette vedvarar og går utover miljøterapeutens tryggleik kan det tenkast at ungdomane, ubevisst, blir objektivisert til valdelege objekt, meir enn individ som har det vanskelege. Dersom ein ikkje klarer å endre situasjonen til at ein får jobba utviklande og relasjonsbyggande med ungdomen, formidlar informantane at det er vanskeleg å skulle fortsette på institusjonen med den aktuelle

ungdomen. Når ein på den andre sida klare å forhalde seg til ungdomen som eit enkeltindivid og få ein relasjon som opnar opp for samtalar om ungdomens indre tankar og utfordringar bidrar det til at ein kan hjelpe vedkommande, som beskreve av Foucault i teorien om pastorale maktforma. Informantane beskriv at dei i dei fleste tilfelle har ein god relasjon til ungdomane og får snakka saman med dei etter ulike hendinga prega av vald og truslar. Det som kan vere ein utfordring for relasjonsarbeidet og miljøterapeutane er i situasjonar der det blir ein form for disiplinære maktformar i den forstand at ein kategoriserer ungdomar og den individuelle ungdomen blir objektivisert, som vist til i avsnittet over.

Foucault viser til makt som ei styringsform der ein legg til rette for at individ skal ta gode valg for seg sjølv og lede individ på moralske området sånn at ein blir styrande individ som handla i tråd med normer og reglar i samfunnet (Mik- Mayer & Villadsen, 2007, s.20). Dette er den ideelle måten å forstå makt på i miljøterapeutiske situasjonar og i relasjonsarbeid. Som informantane trakk fram var det viktig å snakke med ungdomane i etterkant av episodar med vald og truslar for at begge partar skulle få ein forståelse på kva den andre tenkte og kvifor ein handla som man gjere. Dette kan vere med på å utvikle relasjonen og bidra til at ungdomen seinare kan gjere betre val i likande situasjonar. På lik linje med å snakke om korleis ein opplevde situasjonen, kan det vere gunstig å snakke om korleis ein kan handle annleis ved likande situasjonar seinare. I mellommenneskelege relasjonar påverkar menneskjer kvarandre, og det den eine tenker, seier og gjere påverkar kva den andre tenker, seier og gjere (Vaglum, 2008, s.15). Sidan kvarandres handlingar og utsagn påverkar begge, er det viktig for miljøterapeuten å forstå korleis ein kan støtte ungdomen og korleis miljøterapeuten skal handle for at ungdomen skal få det lettare i situasjonar der følelsar tar overhand. Samt kan ein snakke om alternative løyningar på aggresjon, som til dømes å slå i ei pute i staden for å utøve vald mot miljøpersonalet. På den andre sida kan både ungdomar og miljøterapeutar handle på måtar, både bevisst og ubevisst, som bidrar til at den andre parten blir usikker og får det vanskelegare. I situasjonar der ungdomar har valdeleg og skremmande åtferd over tid, kan det tenkast at dei kan bruke det mot miljøterapeutane om dei ser kva som skremmer dei og dermed velge å handle på måtar som gjere miljøterapeuten usikker og redd. Dette kan bidra til at ungdomen føler på kontroll og makt. For å forstå ungdomanes handlingar og mål med vald og truslar kan ein trekke inn Dønnestad (2016) sine to kategoriar med nyanseforskjellar.

Den første kategorien er dei som går inn i ein relasjon for å kontrollere. Dei brukar andre menneskjer, tar over viljen deira, styrer, ser ikkje andres behov og tenker at andre eksisterer

for å dekke voldsutøvars behov. Den andre kategorien er avmaktsvolden. Det som kjenneteiknar denne valden er at menneskjer utøver fysisk og psykisk vald fordi dei sjølv følar seg små, hjelpeløse og redde. Dei har ein følelse av å ha mista kontrollen, og forsøker å ta igjen kontroll, mestring og gjenreise sjølvfølelsen med vald og krenkelsar. Denne avmakta kan komme i frykt av å ikkje vere god nok. Valdsutøvar i denne kategorien kan angre på valden og tenke over kva ein har gjort, men klarer ikkje å hindre valden før dei får andre strategiar for å gjenreise sjølvfølelsen (Dønnestad, 2016). I arbeid på barnevernsinstitusjon kan ein dra parallellar spesielt til avmaktsvalden. Ungdom blir tatt ut av eigen heim og inn i ein institusjon med ukjente vaksne. At dette kan gje ein følelse av kontrolltap, hjelpsløshet og redsel er ikkje vanskelig å forstå.

Hovedfunna viser at informantane er meir påverka at alvorlege valdsepiodar og periodar med vald og truslar, enn etter mindre hendingar. To av informantane fortalte at dei har stått i situasjonar der dei var redd for eige liv, og at det i ettertid viser seg å ha vore drapsforsøk. I begge desse tilfella vart personalet umiddelbart flytta vekk frå institusjonen etter hendinga, og var ikkje tilbake på det institusjonen med den ungdommen. Når det blir så alvorlig at livet ditt står i fare, påverkar det i større grad. Det er også mange som ikkje har opplevd så alvorlege situasjonar eller periodar, men som har mista den grunnleggande tryggheten på jobb. Nokre føler seg påverka over tid, men har ikkje slutta eller bytta tiltak. Ein informant vart flytta frå eit tiltak, der ho hadde mista den grunnleggande tryggheta og var redd heile tida. Det er nokon som har hatt fokus på enkelt hendingar, men nokre har hatt fokus på lengre periodar med vald og truslar. Det har varierer korleis det har påverka, men å gå utan den trygghetsfølelse og gå på vakt heile tida over tid har tatt mykje energi. Nokon av informantane sa at dei hadde gått med ein dårlig magesfølelse over tid, og at det kunne påverke både når dei var på jobb og på fri. Eg oppfattar òg at det var varierende kor reflektert informantane er på seg sjølv, situasjonane og korleis det å stå i denne type arbeid har påverkar dei. Det har variert i alder, det verkar som dei eldste informantane med mest erfaring reflektert meir og grundigare over korleis det påverkar dei.

Innan relasjonskompetanse er det spesielt tre ting ein fagperson må ha fokus på. Det er å etablere, vedlikehalde og avslutte relasjonar på ein god måte (Røkenes og Hansen, 2010, s.8). Tilbake til eksempelet om forskaren som skulle inn i ein bolig å observere. Sjå for deg at ein kjem inn som miljøterapeut i ein institusjon med ein ungdom man har skapt ein frykt og distanse til allereie før første møte. Når dette er tilfelle vil det bli utfordrande å få til ein god

start for etablering av relasjon. Å vere seg sjølv i yrkesrollen, ha sjølvvinnssikt og eit bevisst forhold til korleis egne personlegheitstrekk kan påverke samhandlinga er viktig. Dersom ein går inn i ein situasjon med frykt, kan dette påverke samhandlinga og etableringsfasen, spesielt om ein ikkje innrømmer det for seg sjølv og andre. Her kjem igjen viktigheten av gode arbeidsmiljø og muligheita for å kunne vere ærlig rundt sine refleksjonar, tankar og følelsar. For å vedlikehalde relasjonar påpeikar informantane at det er avgjerande å få snakka med ungdomane i etterkant av valdelege hendingar eller episodar med truslar. Røkenes og Hanssen (2010, s.8) vektlegge at fagpersonens viktigaste oppgåve er å opptre sånn at den andre fremmar læring, utvikling, bevisstgjering, vekst og mestring. Dette samsvarar på Foucault sine perspektiv om at makt fremmar mestring og utvikling (Mik-Meyer & Villadsen, 2007, s.17). Samtalane med ungdomane kan bidra til at dei blir bevisst sine egne handlingar og følelsar, som gjere at dei vekst og seinare kan håndtere følelsane på måtar som skapar mestring. Like viktig som å vedlikehalde relasjonane, er det å reparere relasjonane i dei situasjonane det er nødvendig. Det å halde ein ungdom fast imot eins vilje for å unngå at ungdomen skadar seg sjølv kan opplevast som tvang og vere ubehageleg for ungdomen. I tilfelle som dette er det nødvendig å reparere relasjon ved at miljøterapeutane forklarar kvifor han måtte gjere som han gjorde. I andre situasjonar kan det vere reparerende og vedlikeholdene at miljøterapeutane seier unnskyld til ungdomar i situasjonar miljøterapeutane ikkje har reagert eller handla rasjonelt. Vidare er det viktig å avslutte relasjonar godt, men i denne oppgåva har ikkje fokuset vore på avslutningar då mange av informantane fortsatt jobbar med ungdomane som har vore valdelege og truande. I nokre tilfelle der miljøterapeutane har blitt flytta til andre institusjonar etter hendingar kunne ein drøfta korleis ein kunne handtert dette på ein anna måte for å få ei avslutning, men det er valgt å ikkje gå innpå i denne oppgåva.

### 6.2.1 Ungdomens relasjonskompetanse

Årsakene til at ungdomane blir plassert på barnevernsinstitusjon kan vere at det er manglande omsorg i heimen eller foreldra av ulike grunnar ikkje er i stand til å ivareta ungdomen med den omsorga den trenger (Bufdir, 2020a). Erfaringsmessig veit eg utifrå ungdomane eg har jobba med at mange som blir plassert på institusjon har erfaringar med valdshandlingar i barndomen. Dette kan vere ulike straffemetodar, seksuelle overgrep eller å vere vitne til vald blant familiemedlem. Psykologen John Bowlby legg vekt på at samspillserfaringane barn og ungdom har frå dei fem første leveåra, dannar grunnlaget for ungdomane sine indre arbeidsmodeller. Arbeidsmodellane påverkar barnets oppfatning av seg sjølv,



omsorgspersonar og forventning til andre. Dette medføre at ungdomane har ein tendens til å gjenskape innhalde i relasjonane frå barndomen, i nye relasjonar gjennom livet (Pettersen, 2020, s.50). Med dette i tankane kan ein bruke det som ein begrunnelse på den valdelege og truande åtferda til ungdomane. Det som er kjent frå barndomen for ungdomane er gjerne forbundet med uro og vald. Sidan det er kjent skaper det ein trygghet, på den måten kan det opplevast utrygt for ungdomen når det på institusjonen er avbalanserte vaksne og rolege dagar. Dermed er det viktig å etablere ein relasjon med ungdomane som kan bidra til å hjelpe dei til å endre sine indre arbeidsmodellar der dei kan oppleve trygghet på andre måtar enn å gjenskape erfaringane frå barndomen. Ungdomane sine forventningar til vaksne vil ha utgangspunkt i ungdomanes erfaringar frå tidlegare, altså kan forventningane vere at vaksne er valdelege eller lite tilgjengelege. Det er viktig at miljøterapeutane kjem i ein posisjon og relasjon der dei får endra desse forventningane.

## Kapittel 7. Avslutning

Oppgåva spør etter korleis ein kan forstå miljøterapeutane sine erfaringar med vald og truslar på arbeid i barnevernsinstitusjon, og korleis ein kan forstå relasjonsarbeidet.

Miljøterapeutanes erfaringar på vald og truslar er individet, og ein kan forstå dei på grunnlag av ulike faktorar. Erfaringane er påverka av om ein har følelse av kontroll eller avmakt, relasjonen til ungdomane og arbeidsmiljø. Nokre gangar kjenner miljøterapeutane på ein avmaktsfølelse der dei mistar kontrollen, det kan vere både kontroll over situasjonar og over eige liv. I dei situasjonar det har vore fare for liv og helse, viser det seg at det er så øydeleggande for både relasjon og miljøterapeut at dei har bytta arbeidsstad. I periodar der frykt tar overhand er det vanskeleg for miljøterapeutane å hjelpe ungdomane, dette kan ein sjå i forhold til individuelt- og systemisk nivå. Informantane formidlar at det å stå i jobben i påvente av at noko skal skje er verre enn sjølve valdshendingane. Dette kan ein forstå utifrå at da har ein ikkje kontroll over situasjonen og ein veit ikkje kva som ventar. I motsetning til i situasjonar der ein må handle og gjerne har adrenalin i kroppen som bidrar til at ein klare å behalde roen. Korleis samanhengar mellom makt og hjelp kjem til uttrykk i miljøterapeutiske arbeid variera. Det å vere bevisst og reflektert at ein innehar ein makt som miljøarbeider er viktig for å kunne hjelpe ungdomen. Dette er spesielt viktig å ha fokus på då makt òg er ubevisst og setter seg i ryggraden til miljøterapeutane. Makt og hjelp blir uttrykt på ulike måtar og kan bli oppfatta ulikt både av ungdomane og miljøterapeutar. Som i eine episoden som er vist til i oppgåva der ein ungdom etterspør om ikkje miljøterapeut skal hjelpe han, når han ikkje klarar å håndtere eigne følelsar og reaksjonar. Han etterspør om å bli haldt. I den

situasjonen blir makt brukt gjennom tvang for å hjelpe ungdommen. For nokon har ungdomens fysiske størrelse noko å sei for tryggleiken på jobb. Nokre av informantane fortel at dersom dei ikkje klarer å stå imot ungdommen i valdshendingar utan å vere avhengig av andre, kan det gå utovre trykkleiken. Miljøterapeutane fortel at gode arbeidsmiljø med støtte, anarkjennelse og openhet der ein kan prate fritt om det ein har opplevd, er viktig for å klare å halde ut i jobb som er prega av vald og truslar om vald. Debreif blir sett på som viktig, men for dårleg organisert. Miljøterapeutane formidlar at dette burde vore meir i fokus, òg utan at det skjer alvorlege hendingar. I forhold til at miljøterapeutane synes å bli spytt på er verre enn å bli slått, kan ein forstå det med at krenkelse er ein verre følelse å kjenne på enn avmakt og eventuell smerte. Valdshendingane kan komme i affekt frå ungdomane, mens spytting ikkje blir forstått som ein fysiske reaksjon for å få ut aggresjon. Spyting opplever informantane som ein kontrollert nedverdiggande handling frå ungdomane si side.

For å forstå relasjonsarbeidet må ein ta til grunn både ungdommen og miljøterapeutens erfaringar. Ungdomar på barnevernsinstitusjon har ofte dårlege erfaringar med tilknytning og relasjonar frå barndomen. Dette kan bidra til at dei prøver å gjenskape denne type relasjonar fordi det er det som er trygt og kjent. Miljøterapeutane har erfaring med at relasjonen til ungdommen kan bli styrka etter valdelege hendingar. Dette kan ein forstå utifrå at ein beviser ungdommen at ein står i dei vanskelege følelsane og at miljøterapeutane er der for ungdommen. For at dette skal skje er det viktig å få snakka med ungdommen etter hendingar. Dette er både for å prøve å forstå ungdommen, men også for å sjølv uttrykke korleis det var for miljøterapeuten. I nokre tilfelle er det òg nødvendig å reparere relasjonen med ungdommen etter hendingar. Eigenskapar som er viktig innan relasjonskompetanse er å kunne lese ungdommen og eins uttrykk, vere i forkant av situasjonane, skape tillit som bidrar til ein trygg og stabil relasjon. For å vedlikehalde ein relasjon er det viktig å vedlikehalde den ved å vise ungdomane at dei vaksne er der for dei, tåle å stå i følelsane og dei fysiske reaksjonane ungdomane har. For å få til dette viser det seg å vere viktig at miljøterapeutane føler seg trygg i arbeidet og får støtte frå arbeidsgruppa.

Noko av det som overraskande er at det å stå i påvente av situasjonar er verre enn å stå i sjølve valdshendingar. Dette viser at debreif er viktig, òg utan at det har skjedd alvorlege hendingar. Noko som kan vere eit godt bidrag til feltet, med at ein bør auke fokuset på debreif og samtalar der personalgruppa kan snakke om korleis dei har det på jobb. Oppgåva viser òg til at fleire er møtt med at dersom dei synes det er for tøft på jobb bør dei finne seg eit anna

yrke. Det må vere rom for å bearbeide ulike traumar og andre opplevingar ein har opplevd på jobb, utan at ein må slutte av den grunn.

Begrensingar i studiet er at alle informantane jobbar i medleverturnus og at alle jobbar på institusjonar med barn frå 12-18 år som er plassert på ein omsorgsparagraf. Det kunne vore interessant å sjå på forskjellar mellom det å jobbe vakter på 7,5 time dagleg, i forhold det å jobbe døgn som informantane i oppgåva gjere. Samt ville det vore spennande å forske vidare på om det er ulikheit i miljøterapeutar sine erfaringar med vald, truslar og relasjonsarbeid i forhold til ulike institusjonar, som akutt institusjonar, åtferdsinstitusjonar og rusplasseringar. Det hadde òg vore spennande å brukt ungdomar, eller vaksne som tidlegare har budd på barnevernsinstitusjon, som informantar og sett på kva opplevingar dei har med vald, truslar og relasjonsarbeid.

## Litteraturliste

Arbeidsmiljøloven. (2005). Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (LOV-2005-06-17-62). Henta frå [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-62/KAPITTEL\\_5#KAPITTEL\\_5](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-62/KAPITTEL_5#KAPITTEL_5)

Arbeidstilsynet. (2019, 28.november). Vold og trusler. Henta frå <https://www.arbeidstilsynet.no/tema/vold-og-trusler/>

Barneombudet. (u.å). Hva er en barnevernsinstitusjon. Henta 24.02.20 frå <https://barneombudet.no/dine-rettigheter/til-et-barnevern/barnevernsinstitusjon/>

Breakwell, G.M. (1995). *Møte med fysisk old. I den profesjonelle hverdag*. Oslo:Ad Notam Gyldendal.

Buudir (2020a, 02.januar) Barnevernsinsitusjoner. Henta frå [https://www.buudir.no/Barnevern/Tiltak\\_i\\_barnevernet/Barnevernsinstitusjoner/](https://www.buudir.no/Barnevern/Tiltak_i_barnevernet/Barnevernsinstitusjoner/)

Buudir (2020b, 14.februar). Psykisk vold. Henta frå [https://buudir.no/vold/TryggEst/Overgrep/Psykisk\\_vold/](https://buudir.no/vold/TryggEst/Overgrep/Psykisk_vold/)

Bækkelund, H. (2018, 5.desember). Hva er traumer og traumebehandling?. Henta frå <https://www.psykologforeningen.no/publikum/informasjonsvideoer/videoer-om-psykiske-lidelser/hva-er-traumer-og-traumebehandling>

Dahl, Øyvind. (2019, 07.januar). Makt og avmakt. Henta frå <https://ndla.no/nb/subjects/subject:18/topic:1:194233/topic:1:78246/resource:1:78354>

Dale, K.Y. (U.å.). Rus, vald og psykiatri. Henta 28.februar 2020 frå <https://bibliotekutvikling.no/konflikthandteringibiblioteket/rus-vold-og-psykiatri/>

Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

- Dyb, G. & Jensen, T.K. (2019). Å oppleve et overveldende traume- hvordan blir livet etterpå?  
I G. Dyb & T.K. Jensen (Red.). *Å leve videre etter katastrofen. Stressreaksjoner og oppfølging etter traumer* (s. 15-29). Oslo: Gyldendal. Rett? Jensen er (red).
- Dønnestad, E. (2016, 09.mars). Å leve med vold. Henta frå [https://rvtssor.no/aktuelt/16/a-  
leve-med-vold/](https://rvtssor.no/aktuelt/16/a-<br/>leve-med-vold/)
- Ellingsen, K.E. & Lungwitz, D. Høy trivsel i voldsutsatt arbeidsmiljø, Nordisk sosialt arbeid, 04/2003 (23), 201-209, [https://www-idunn-  
no.ezproxy.inn.no/nsa/2003/04/hoy\\_trivsel\\_i\\_voldsutsatt\\_arbeidsmiljo](https://www-idunn-<br/>no.ezproxy.inn.no/nsa/2003/04/hoy_trivsel_i_voldsutsatt_arbeidsmiljo)
- Forskrift om internkontroll i institusjoner. (2008). Forskrift om krav til kvalitet og internkontroll i barneverninstitusjoner (LOV-1992-07-17-100). Henta frå [https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2008-06-10-  
580?q=krav+til+kvalitet+barnevern\\*](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2008-06-10-<br/>580?q=krav+til+kvalitet+barnevern*)
- Gratland, W. & Nergård, A. (2020, 10.januar). Også hjelperne kan bli traumatisert. Henta frå <https://sykepleien.no/forskning/2017/10/ogsaa-hjelperne-kan-bli-traumatisert>.
- Gustumhaugen, K., Dønnestad, E. & Steinkopf, H. (2017). *Miljøterapeuten: mennesket som metode i miljøterapi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hagen, I. M. & Svalund, J. (2019). *Vold, trusler og trakassering i helse- og sosialsektoren* (Fafu-rapport 32/2019). Henta frå <https://www.fafu.no/images/pub/2019/20729.pdf>
- Halvorsen, G. S. (2006). *Fortellingen som metode. Et essay om en forskningsmetode, men òg om metodens plass i forskningen*. Alta: Høgskolen i Finnmark.
- Handegård, T.L. (2015). *Tvang, makt og ambivalens. En studie av hvilken betydning lovreglene om bruk av makt og tvang overfor psykisk utviklingshemmede kan få i det daglige omsorgsarbeidet* (doktoravhandling, universitetet i Tromsø). Henta frå <https://naku.no/sites/default/files/tvangmaktogambivalens.pdf>

- Høilund, P. & Juul, S. (2015). *Anerkendelse og dømmekraft i socialt arbejde* (2.utgave). København: Hans Reitzels Forlag.
- Isdal, P. (2014). *Meningen med volden*. Oslo: kommuneforlaget.
- Jacobsen, D. I. (2016). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (3.utgave). Oslo: Cappelen damm akademisk.
- Kleven, T. A. (2002). *Innføring i pedagogisk forskningsmetode. En hjelp til kritisk tolkning og vurdering*. Oslo: Unipub forlag.
- Koren, P.C. (2000). *Arbeid med vold og trusler*. Oslo: Tiden norske forlag.
- Lillevik, O.G. & Øien, L. (2017). *Miljøterapeutisk arbeid i møte med vold og aggresjon*. Oslo: Gyldendal.
- Malt, U. (2019, 14.oktober). Debriefing. Henta frå <https://sml.snl.no/debriefing>
- Meldalen S.G. & Johansen A.H. (2015. 28.mai). jente (15) tiltalt for overlagt drap på Anna (30) på barnevernsinstitusjon. *Dagbladet*. Henta frå <https://www.dagbladet.no/nyheter/jente-15-tiltalt-for-overlagt-drap-pa-anna-30-pa-barnevernsinstitusjon/60687747>
- Mik-Meyer, N. & Villadsen, K. (2007). *Magtens formen. Sociologiske perspektiver på statens møte med borgeren*. København: Hans Reitzels Forlag
- Pettersen, I.N. (u.å.). Barn og tilknytning. Henta 28.februar 2020 frå [https://fontene.no/mapper/Ny\\_tilknytning-ny\\_start.pdf](https://fontene.no/mapper/Ny_tilknytning-ny_start.pdf)
- Ryen, A. (2002). *Sentrale paradigmer innen kvalitativ forskning. I: Det Kvalitative Intervju. Fra vitenskapsteori til feltarbeid*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Røkenes, O.H. & Hanssen, P-H. (2010). *Bære eller breste. Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker*. Bergen: Fagbokforlaget.

- Skau, G.,M. (2010). Mellom makt og hjelp. Om det flertydige forholdet mellom klient og hjelper. Oslo: Universitetsforlaget.
- Thagaard, T. (2010). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode* (3.utgave). Bergen: Fagbokforlaget
- Thomassen, M. (2007). *Vitenskap, kunnskap og praksis. Innføring i vitenskapsfilosofi for helse- og sosialfag*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Thornquist, E. (2009). *Kommunikasjon: Teoretiske perspektiver på praksis i helsetjenesten*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Thorsen, B. (2017). Senskader:- Ble et sintere menneske. Henta frå <https://psykiskhelse.no/bladet/2015/senskader-per-isdal>
- Vaglun, P. (2008). Må vi alltid bry oss om relasjonene i psykiatrisk arbeid? En introduksjon. I G.-R. B. Thorsen (Red.). *Oss imellom. Om relasjonenes betydning for mental helse* (s.13-22). Stavanger: Hertervig Akademisk.
- Varvin, Sverre. (2019, 13.desember). Strukturell vold mot flyktninger. Henta frå <https://psykiskhelse.no/bladet/2019/kronikk0119-varvin>
- With, M.L. (2018, 05.november). Kvinner og menn i helseyrker møter mest vold og trusler. Henta frå <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/kvinner-og-menn-i-helseyrker-moter-mest-vold-og-trusler>

**Vil du delta i forskingsprosjektet**  
***”[Vald og truslar mot tilsette i barnevernsinstitusjon]”?***

Dette er et spørsmål til deg om å delta i et forskingsprosjekt hvor formålet er å få meir kunnskap om korleis det påverkar miljøterapeutar som arbeider på barnevernsinstitusjon å bli utsatt for vald og truslar av barn og unge på jobb, samt korleis det påverkar relasjonen mellom den tilsette og ungdomen. I dette skrivet gir vi deg informasjon om målene for prosjektet og hva deltakelse vil innebære for deg.

**Formål**

Formålet med dette prosjektet er å reflektere rundt eit viktig tema som mange står i dagleg på arbeid. Det å få fokus på korleis det pregar personalet og relasjonar kan vere med å sjå på viktigheten rundt å ta tak belastningar frå vald og truslar på alvor. Eg ønska å finne ut kva tankar miljøpersonal sjølv har rundt dette med problemstillinga: **«korleis påverkar det miljøterapeuten på barnevernsinstitusjon å bli utsatt for vald og truslar frå barn og unge på jobb, og korleis påverkar dette relasjonen mellom miljøterapeut og bebuaren?»**

**Underspørsmål**

- Kva opplever du som truande og vald?
- Fortell om ein valdshending eller truslar du har mottatt
- Korleis påverkar vald og truslane deg?
- Korleis påverka det relasjonsarbeidet?

**Hvem er ansvarlig for forskingsprosjektet?**

Prosjektet er siste del av masterstudiet Psykososialt arbeid med barn og unge ved høgskulen i Innlandet. Oppgåva har eit omfang på 30 studiepoeng som vil tilsvare ca. 60 siders oppgåve.

Student: Marthe Tefre Tlf.: 97653784

Veileder: Anne Sigfrid Grønseth Tlf.: 468 62 542



Seniorrådgiver Hans Petter Nyberg er Høgskolen i Innlandet sitt personvernombud.

E-post: [hans.nyberg@inn.no](mailto:hans.nyberg@inn.no) Tlf.: 62 43 00 23

### **Hvorfor får du spørsmål om å delta?**

Forskningsprosjektet har som mål å innhente informasjon fra miljøterapeuter på ulike barnevernsinstitusjoner. Det er ca. 8-10 miljøterapeuter som skal intervjuast. Det er ønskelig å intervju miljøterapeuter med ulik alder, kjønn og erfaring.

### **Metoden i prosjektet**

Metoden som vil bli brukt i prosjektet er individuelle intervju. Det vil ta ca 30.minutt. Det vil for det meste bli brukt åpne spørsmål om fokuset på vald og trusler fra bebuarene på arbeidsplassen, samt relasjoner.

### **Kva innebærer det for deg å delta?**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Hvis du velger å delta, kan du når som helst trekke samtykke tilbake uten å oppgi noen grunn. Alle opplysninger om deg vil da bli anonymisert. Det vil ikke ha noen negative konsekvenser for deg hvis du ikke vil delta eller senere velger å trekke deg. Eg vil bruke båndopptaker under intervjuet. Det er kun eg som skal høyre igjennom båndet og alt innhold vil slettes ved studiens slutt. Eg vil bare bruke opplysningene om deg til formålene som er fortalt om i dette skrevet. Opplysningane behandles konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Persondata, arbeidssted og kommune vil ikkje kunne gjenkjennes i publikasjonen. Prosjektet skal etter planen avsluttes 15.05.2020.

I arbeid på barnevernsinstitusjon har alle informantane taushetsplikt, dermed er det viktig at du som informant ved eventuelle omtale av beboere/ barn unngår å nevne opplysninger om institusjon, spesifikke hendelser/situasjoner og navn som kan bidra til å kunne identifisere barn og beboere.

### **Dine rettigheter**

Så lenge du kan identifiseres i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i hvilke personopplysninger som er registrert om deg,

- å få rettet personopplysninger om deg,
- få slettet personopplysninger om deg,
- få utlevert en kopi av dine personopplysninger (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombudet eller Datatilsynet om behandlingen av dine personopplysninger.

### **Hva gir oss rett til å behandle personopplysninger om deg?**

På oppdrag frå Høgskulen i Innlandet, Institutt for helse- og sykepleiervitenskap har NSD-Norsk senter for forskingsdata AS vurdert at behandlingen av personopplysninger i dette prosjektet er i samvsar med personvernregelverket.

Vi behandler opplysninger om deg basert på ditt samtykke.

Med vennlig hilsen

Prosjektansvarlig  
(Forsker/veileder)

*Eventuelt student*

-----

## Vedlegg 2 Samtykkeerklæring

### Samtykkeerklæring

Jeg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet [**Vald og truslar mot tilsette i barnevernsinstitusjon**], og har fått anledning til å stille spørsmål.

Jeg samtykker til:

- å delta i individuelt intervju

Jeg samtykker til at mine opplysninger behandles frem til prosjektet er avsluttet, ca. Mai 2020.

-----  
(Signert av prosjektdeltaker, dato)

Vedlegg 3: Godkjenning frå NSD

## **NSD Personvern**

14.02.2020 16:15

Det innsendte meldeskjemaet med referansekode 551231 er nå vurdert av NSD.

Følgende vurdering er gitt:

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet 14.02.2020 med vedlegg, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD.

Behandlingen kan starte.

**MELD VESENTLIGE ENDRINGER** Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde:

[nsd.no/personvernombud/meld\\_prosjekt/meld\\_endringer.html](https://nsd.no/personvernombud/meld_prosjekt/meld_endringer.html) Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

**TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET** Prosjektet vil behandle særlige kategorier av personopplysninger om helse og alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 15.05.2020

**LOVLIG GRUNNLAG** Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 nr. 11 og art. 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse, som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake. Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes uttrykkelige samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a, jf. art. 9 nr. 2 bokstav a, jf. personopplysningsloven § 10, jf. § 9 (2).

PERSONVERNPRINSIPPER NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om: - lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen - formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlige formål - dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet - lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

DE REGISTRERTES RETTIGHETER Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: åpenhet (art. 12), informasjon (art. 13), innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), underretning (art. 19), dataportabilitet (art. 20). NSD vurderer at informasjonen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13. Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32). For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og eventuelt rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

OPPFØLGING AV PROSJEKTET NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet. Lykke til med prosjektet!

Kontaktperson hos NSD: Gry Henriksen Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)

## Vedlegg 4. Intervjuguide

### **Første intervjurunde:**

1. Kva opplever du som truende?
2. Kva opplever du som vold og truslar?
3. Kan du fortelle om opplevingar du har med vold og truslar i arbeidet som miljøterapeut?
4. kva gjere slike opplevelser med deg?
5. Føler du deg prega av situasjonene?
6. Kva synes du er verst av påvente på ein valdssituasjon og å stå i ein?
7. Korleis opplever du arbeidsmiljøet ditt?
8. Kva tenker du om debrief?
9. Har du hatt kurs i håndtering av vold og truslar om vald?
  - a. Kva inneholdt dette kurset?
10. Kan du fortelle litt kva du tenker er ein god relasjon?
11. Korleis preger voldshendelser og trusler relasjonsarbeidet?

### **Intervjurunde to:**

1. Kan du fortelle om den siste gangen du opplevde vold og truslar på jobb?
2. Kan du fortelle om den verste situasjonen du har opplevd?
3. Kan du fortelle om den mildaste situasjonen du har stått i?
4. Korleis er relasjonen din med ungdomane som utførte desse handlingane?